



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 38

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemda til Avinor AS





DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 38

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemda til Avinor AS

Innhold

1	Innleiing og samandrag	5	5.6	Vurderingane til Samferdsels-	
1.1	Innleiing	5		departementet	31
1.2	Samandrag	6			
			6	Flysikringstenesta	34
2	Statleg eigarskap i Avinor	9	6.1	Situasjonen i dag	34
2.1	Politikken til Regjeringa	9	6.2	Utfordringar	34
2.2	Om Avinor	9	6.3	Forslag frå Avinor om	
2.3	Rammer for eigarskapsutøvinga ...	10		organisering av flysikrings-	
2.4	Organisering av Avinor	12		verksemda	35
2.5	Forholdet til Forsvaret og		6.4	Internasjonalt engasjement	
	ny kampflybase	12		og konkurranse om	
2.6	Effektivitet i Avinor	12	6.5	flysikringstenester	35
			6.6	Andre saker som gjeld	
3	Rammevilkår for Avinor	14		flysikringstenesta	35
3.1	Marknaden	14		Vurderingane til Samferdsels-	
3.2	Luftfartsstyresmaktene	15		departementet	36
3.3	Regelverk	15			
3.4	Takstpolitikk	18	7	Finansielle spørsmål	39
3.5	Løyvepolitikk	19	7.1	Avkastningsmål for Avinor	39
3.6	Tilskotspolitikk	20	7.2	Verdivurdering	40
			7.3	Utbyttepolitikken	41
			7.4	Finansiering av Avinor	41
4	Verksemda i Avinor				
	2007–2011	21	8	Økonomiske og administrative	
4.1	Rapportering frå verksemda			konsekvensar	43
	i Avinor	21			
4.2	Vurderingane til Samferdsels-		Vedlegg		
	departementet	25	1	Vedtekter for Avinor AS	44
			2	Plan for virksomheten 2012–2014	
5	Planane og strategiane			(§ 10 plan)	46
	til Avinor	26	3	Plan for virksomheten 2012–2014	
5.1	Tryggleik	26		(§ 10 plan)	55
5.2	Økonomi	26	4	Brev fra Avinor til Samferdsels-	
5.3	Kundene til Avinor	28		departementet av 12.2.2013	94
5.4	Internasjonalisering av		5	Årsoppgjør 2011,	
	flyplassar	30		Avinor konsern	97
5.5	Samfunn og miljø	30			

Utrykte vedlegg

Verdivurdering, Ernst & Young AS, 21. desember 2012

Benchmarking av Avinor, German Airport Performance, desember 2012

Vurdering av flysikringstenesta, Integra A/S, 20. januar 2013



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Meld. St. 38

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Verksemnda til Avinor AS

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 7. mai 2013,
godkjend i statsråd same dag.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og samandrag

1.1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg med dette fram ei stortingsmelding om verksemnda til Avinor AS. Avinor blei etablert i 2003 ved at forvaltingsbedrifta Luftfartsverket blei omdanna til eit aksjeselskap der staten eig alle aksjane. Forvaltninga av eigarskapen til selskapet er lagd til Samferdselsdepartementet, og samferdselsministeren er generalforsamling for selskapet.

I samsvar med styringssystemet som blei etablert då Avinor blei danna, skal Samferdselsdepartementet leggje fram stortingsmeldingar om verksemnda i selskapet, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2 (2002–2003) og Budsjettinnst. S. nr. 13 Tillegg nr. 1 (2002–2003). Som det går fram av den førre stortingsmeldinga om Avinor, jf. St.meld. nr. 48 (2008–2009) og Innst. 95 S (2009–2010), tek Samferdselsdepartementet sikte på å leggje fram ei slik eigarmelding kvart fjerde år, eller oftare dersom det er behov for det.

Samferdselsdepartementet som forvaltar den statlege eigarskapen i Avinor, er overordna styremakt for luftfarten. Departementet er vidare ansvarleg långivar for statslånet som i si tid blei

gitt til å byggje Oslo lufthamn, Gardermoen. Denne meldinga tek utgangspunkt i rolla departementet har som forvaltar av den statlege eigarskapen. Meldinga vil òg omtale andre verkemiddel i den grad dei har noko å seie for eigarskapsutøvinga.

Formålet med eigarmeldinga er å gi Stortinget ei orientering om utviklinga til selskapet sidan førre melding. Vidare skal meldinga orientere om selskapet sine strategiar og planar for dei neste åra, og korleis Samferdselsdepartementet vurderer dei. Meldinga gir òg ei vurdering av viktige rammevilkår for verksemnda til selskapet og forhold knytte til eigarstyring og selskapsleiing. Eigarmeldinga og Stortinget si behandling av meldinga blir så lagde til grunn for Samferdselsdepartementet si eigarstyring av Avinor i åra framover.

Avinors plan for verksemnda 2012–2014 utgjer grunnlaget for eigarmeldinga. I samsvar med § 10 i vedtektene til Avinor skal selskapet kvart år leggje fram for samferdselsministeren ein plan for verksemnda med dotterselskap. § 10-planen, som Avinor sende til Samferdselsdepartementet 22. oktober 2012, ligg ved denne meldinga som trykt vedlegg. Planen omfattar eit dokument som inne-

held styret si overordna utgreiing for resultatane som er oppnådde, og planane for verksemda. I tillegg har Avinor utarbeidd eit vedlegg som gjer nærmare greie for den faglege bakgrunnen for konklusjonane som styret har trekt.

Som eit grunnlag for å vurdere den økonomiske utviklinga og planane til selskapet byggjer eigarmeldinga òg på ei ekstern verdivurdering av Avinor. Verdivurderinga blei utført av Ernst & Young AS for Samferdselsdepartementet og blei lagd fram 21. desember 2012.

Samferdselsdepartementet har engasjert konsultantselskapet Integra A/S til å gi ei ekstern vurdering av flysikringstenesta i lys av utviklinga i Europa under lovgivinga om eit felles europeisk luftrom. Rapporten frå Integra blei lagd fram 20. januar 2013.

German Airport Performance (GAP) har i 2012 gjennomført ei vurdering, såkalla «benchmarking» av Avinor for Samferdselsdepartementet, der kostnadseffektiviteten for lufthamnene i Avinor blir samanlikna med lufthamner i andre land.

Rapportane frå Ernst & Young, Integra og GAP følgjer meldinga som utrykte vedlegg.

1.2 Samandrag

Kapittel 2: Statleg eigarskap i Avinor

Avinor forvaltar den statlege luftfartsinfrastrukturen som ligg under Samferdselsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for sivil sektor og ei samla flysikringsteneste for sivil og militær sektor. Samferdselsministeren forvaltar eigarskapen under konstitusjonelt og parlamentarisk ansvar. Styret og den daglege leiinga er ansvarlege for den daglege drifta av selskapet.

Gjennom krav stilt i vedtektene avgjer staten kva for lufthamner selskapet skal drive. Avinor skal i størst mogleg grad vere sjølvfinansierande gjennom egne inntekter. I tillegg til samfunnsoppdraget skal Avinor utføre meir spesifikt definerte samfunnsplåagde oppgåver som eigaren har fastsett. Regjeringa har sett krav til dei statleg eigde selskapa om å ta samfunnsansvar, og det er sett forventingar til lønnspolitikken til dei statleg eigde selskapa.

Samferdselsdepartementet har fått gjennomført ein samanliknande studie av kostnadseffektiviteten ved lufthamnene i Avinor. Dei fire store lufthamnene i Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim er relativt effektive, men med ei fallande utvikling. Eit fleirtal av Avinors mindre lufthamner er relativt lite effektive og har hatt fallande produktivitet.

Kapittel 3: Rammevilkår for Avinor

Økonomien i Avinor heng saman med trafikkutviklinga. I perioden 2008–2009 var det ein nedgang i flytrafikken. Deretter har det vore stor vekst. Trafikkprognosar viser at trafikken over lufthamnene til Avinor vil halde fram med å vekse med 2,3 prosent årleg.

Mykje av regelverket på luftfartsområdet er felleseuropeisk regelverk som byggjer på internasjonale standardar. EU-regelverket om eit felles europeisk luftrom skal medverke til å effektivisere avviklinga av flytrafikken over Europa og samstundes gi positive verknader for miljøet, flytryggleiken og brukarane i form av lågare avgifter. Det felles europeiske luftrommet får konsekvensar for Avinor, mellom anna gjennom at styresmaktene har vedteke ein nasjonal ytingsplan for flysikringstenestene, og ved at Noreg har inngått ein avtale om samarbeid om ei nordeuropeisk funksjonell luftromsblokk (NEFAB). Samferdselsdepartementet ventar at Avinor tek ei aktiv rolle i NEFAB-samarbeidet, og at samarbeidet vil gi kostnadseffektiviseringsgevinstar for Avinor.

Sverige og Danmark har etablert si eiga luftromsblokk. Avtalen om NEFAB uttrykkjer ein visjon om eit tettare samarbeid med Sverige og Danmark.

Som luftfartsstyresmakt fastset Samferdselsdepartementet avgiftene for å bruke Avinors lufthamn- og flysikringstenester. Noreg har eit solidarisk lufthamnssystem der overskot ved lufthamner med stor trafikk bidreg til å dekkje underskot ved lufthamner med mindre trafikk.

Avinor står overfor store investeringar dei neste åra, og Samferdselsdepartementet vil opne for at ein kan vurdere å auke takstane i tråd med konsumprisindeksen (KPI).

EU-direktiv 2009/12 om lufthamnaravgifter er teke inn i EØS-avtalen, men staten skal halde fram med å styre takstpolitikken for Avinor.

Kapittel 4: Verksemda i Avinor 2007–2011

Avinor har vore gjennom ein periode med negativ utvikling i marknaden i 2008–2009 og deretter ein periode der Avinor har oppnådd gode resultat. Selskapet har i all hovudsak oppfylt samfunnsoppdraget og dei samfunnsplåagde oppgåvene. Selskapet har investert i ny kapasitet og tryggleik, og har arbeidd for å nå mål for tenestekvalitet og kundetilfredsheit.

Departementet trekkjer fram som positivt at selskapet i perioden har gjennomført eit resultatforbetningsprogram med eit resultat på 342

millionar kroner. Kostnadsveksten gir framleis grunn til uro.

Kapittel 5: Planane og strategiane til Avinor

Samferdselsdepartementet meiner at Avinor har sett gode strategiske hovudmål for verksemda.

Samferdselsdepartementet understrekar at Avinor må prioritere arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalysar, arbeid med kriseplanverk og øvingar er viktige føresetnader for Avinors arbeid med samfunnstryggleik og beredskap ved lufthamnene og på flysikringsområdet.

Avinor har lagt til grunn ein periode med vekst i flytrafikken og driftsresultatet. Men selskapet har òg lagt opp til eit høgt investeringsnivå. Avinor vil heile tida måtte tilpasse sine investeringsplanar til dei finansielle ressursane som er tilgjengelege. Regjeringa er positiv til at Avinor planlegg vidare med sikte på ei investering i ei ny lufthamn på Helgeland, i Mo i Rana. Regjeringa legg til grunn at selskapet vil bli tilført midlar for å kunne gjennomføre investeringa. Regjeringa er òg positiv til at Avinor planlegg vidare med sikte på etablering av ei ny lufthamn i Hammerfest. Det er behov for ytterlegare utgreiingar for å klarleggje lokaliseringsspørsmålet. Regjeringa legg til grunn at selskapet blir tilført midlar for også å kunne gjennomføre denne investeringa. Det er vidare behov for ytterlegare utgreiingar av spørsmålet om ny lufthamnlysing for Lofoten. For Bodø lufthamn skal det elles startast opp ein prosess for å få på plass ei langsiktig lysing for sivil luftfart i Bodø. Eventuell regulering frå styresmaktene av utbyggingssjekta vil bli behandla i samband med kvart enkelt prosjekt.

Departementet ser det som positivt at Avinor er oppteken av å forbetre punktlegheit, effektivitet og service. Avinor bør nå dei interne punktlegheits- og regularitetsmåla kvart år. Regjeringa er elles oppteken av at alle skal ha lik rett til å delta i samfunnet. Samferdselsdepartementet arbeider med eit nytt regelverk som skal avklare kva for krav som skal gjelde for universell utforming på norske flyplassar.

Dersom Avinor ønskjer å utvide verksemda ut over den typen som selskapet driv i dag, må dette leggjast fram for Samferdselsdepartementet. Departementet har ei restriktiv haldning til utviding av Avinor si kommersielle verksemd som ikkje støttar opp under kjerneverksemda.

Samferdselsdepartementet si prinsipielle vurdering er at det ikkje er aktuelt for Avinor med utanlandsengasjement på lufthamnsida.

Samferdselsdepartementet er positivt til at Avinor ønsker å medverke til betre plansamarbeid, særleg med fylkeskommunane. Departementet vil vidare vise til at det er viktig at Avinor vidarefører miljøengasjementet, og at selskapet held fram med å ha ei aktiv rolle i klimapolitikken. Dei nye måla Avinor har sett for kollektivdelen ved dei store lufthamnene, vil vere viktige for å oppnå overføring av passasjerar frå bil til kollektivtransport.

Kapittel 6: Flysikringstenesta

Etter Samferdselsdepartementet si vurdering er flysikringsverksemd og lufthamndrift to forskjellige forretningsområde. Departementet vil mellom anna ut frå dette opne for at Avinor kan skilje ut flysikringsdivisjonen som eit eige dotterselskap innanfor Avinor AS, slik Avinor har bedt om.

Departementet vil ikkje opne for at Avinor engasjerer seg i leveranse av flysikringstenester i utlandet utover det som følgjer av Noreg si deltaking i den nordeuropeiske luftromsblokka NEFAB. I rolla som styresmakt vurderer Samferdselsdepartementet det vidare ikkje som formålstenleg å konkurransetsette flysikringstenestene i Noreg. Departementet vil likevel opne for at lufthamner utanfor Avinor, som i dag må kjøpe flysikringstenester frå Avinor, skal kunne kjøpe flysikringstenester frå andre leverandørar enn Avinor.

Samferdselsdepartementet har merka seg prosessen i Avinor rundt kontrollsentralane. Departementet viser til at flygekontrolltenesta er rekna som ei samfunnskritisk teneste. Det er elles eit krav frå departementet at utprøvinga av konseptet med fjernstyrte tårn ikkje skal svekkje flytryggleiken eller på annan måte redusere transportstandarden ved lufthamnene der det blir prøvt ut.

Samferdselsdepartementet vil vise til at det er Avinor-styret og den daglege leiinga som har ansvar for at det til kvar tid er nok bemanningskapasitet i flysikringstenesta. Samferdselsdepartementet meiner at situasjonar av den typen som oppstod i flygekontrolltenesta sommaren 2012, er uakseptable.

Kapittel 7: Finansielle spørsmål

Det er fastsett nye avkastningsmål for Avinor, eit for flysikringstenesta og eit for lufthamnverksemda. Sidan selskapet no går inn i ein periode med store investeringar, er det rimeleg å forvente at avkastninga på investert kapital vil gå noko ned

i dei kommande åra, og at selskapet på kort og mellomlang sikt ikkje vil nå avkastningsmålet.

I ei verdivurdering hausten 2012 har Ernst & Young berekna verdien av eigenkapitalen i Avinor til 10,3 milliardar kroner. Ernst & Young har justert ned lønnsesda av investeringane samanlikna med det Avinor har nytta i sine egne prognosar. Verdivurderinga gir likevel ikkje nokon indikasjon på at det er behov for å skrive ned verdien av eigenkapitalen i selskapet. I førre eigarmelding, jf. St.meld. nr. 48 (2008–2009) og Innst. 95 S (2009–2010), blei det innført ein ny utbyttemodell for selskapa under Samferdselsdepartementet. Regjeringa vil vidareføre dagens utbyttepolitikk for Avinor.

For å finansiere investeringane på 20,6 milliardar kroner i gjeldande investeringsplan for perioden 2013–2017 har Avinor foreslått ein eigenkapitaltilførsel frå staten på 2,5 milliardar kroner. For prosjekt utanfor investeringsplanen har Avinor vidare foreslått tilføring av 2,0 milliardar kroner til nye lufthamner på Helgeland og i Lofoten, og dessutan 1,5 milliardar til kommersielle investeringsprosjekt i tilknytning til dei største lufthamnene.

Regjeringa legg til grunn at hovuddelen av investeringane i planen for perioden 2013–2017 kan gjennomførast utan kapitaltilskot frå staten, og at det på noverande tidspunkt ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere at det er nødvendig å tilføre selskapet kapital. Samferdselsdepartementet vil likevel følgje utviklinga nøye, og Regjeringa vil kome attende til Stortinget i løpet av 2014 med ein oppdatering av framdrifta i investeringsplanen og ei fornya vurdering av dei finansielle rammevilkåra for Avinor.

Det er behov for ei nærmare avklaring av Avinor sine finansielle rammevilkår i samband med etablering av nye lufthamner, og/eller samanslåing eller nedlegging av eksisterande lufthamner i tråd med omtalen i NTP 2014–2023, og dessutan korleis eventuell statleg støtte skal innrettast ved slike moglege endringar i lufthamnstrukturen. Regjeringa vil kome attende med ei vurdering av dette. Regjeringa legg til grunn at Avinor vil bli tilført midlar for å kunne gjennomføre moglege investeringar i nye lufthamnar på Helgeland i Mo i Rana og i Hammerfest. Staten vil elles ikkje no tilføre kapital til selskapet knytt til kommersielle investeringsprosjekt utanfor kjerneverksemda til selskapet.

Samferdselsdepartementet har merka seg at det er eit effektiviseringspotensial i Avinor og legg på generelt grunnlag til grunn ei forventning om effektivisering i Avinor.

Kapittel 8: Økonomiske og administrative konsekvensar

Samferdselsdepartementet opnar for at Avinor kan omorganisere flysikringstenesta til eit dotter-selskap med eit eige styre.

Avinor vil medverke til aktivitet i samfunnet gjennom selskapets investeringar. Det er ikkje lagt opp til løyvingar til Avinor i denne meldinga, verken i form av tilskot eller eigenkapitaltilførsel.

Elles ligg det ikkje andre framlegg i meldinga, som er venta å få økonomiske eller administrative konsekvensar.

2 Statleg eigarskap i Avinor

Dette kapitlet inneheld informasjon om Avinor AS, om samfunnsoppdraget og dei samfunns-pålagde oppgåvene til selskapet og om korleis Samferdselsdepartementet styrer selskapet. Kapitlet omhandlar vidare forholdet mellom Avinor og Forsvaret. Det er òg teke inn ei kort oppsummering av studien av kostnadseffektiviteten for lufthamnene i Avinor.

2.1 Politikken til Regjeringa

Den politiske plattformen til Regjeringa (Soria Moria II-erklæringa) slår fast at både kortbanenettet og stamrutenettet er ein viktig del av infrastrukturen i landet. Det er ønske om eit flyplassnett som gir eit tidsmessig tilbod over heile landet. Ordninga med at overskotsflyplassar betaler for dei ulønnsame flyplassane, skal vidareførast. Regjeringa vil halde oppe det regionale flyplassnettet med mindre det er oppslutning lokalt om å gjere endringar ut frå innretninga av det totale transporttilbodet i området. Regjeringa vil sikre at utviklinga av flyplassar utanfor Avinor-systemet ikkje gjer det vanskelegare å halde oppe eit desentralisert flyplassstilbod over heile landet. Regjeringa vil vurdere tiltak for å sikre finansieringa av Avinor-lufthamnene.

I Meld. St. 26 (2012-2013) *Nasjonal transportplan 2014–2023* (NTP) er det nedfelt at det overordna målet for transportpolitikken til Regjeringa er å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, trygt og miljøvennleg transportsystem som dekkjer samfunnet sitt behov for transport, og som fremjar regional utvikling. Det er vidare slått fast i NTP at Regjeringa vil utvikle eit transportsystem der lufthamnnettet sikrar befolkninga god tilgang på flytransport i heile landet basert på det høge tryggleiksnivået i sektoren.

Samferdselsdepartementet si eigarstyring av Avinor tek utgangspunkt i målsettingane i Soria Moria II-erklæringa, NTP og strategien for norsk luftfart som Regjeringa la fram våren 2008.

2.2 Om Avinor

Avinor forvaltar den statlege luftfartsinfrastrukturen som er ein føresetnad for eit landsomfattande lufttransportnettverk i Noreg. Avinor er kategorisert som eit selskap med sektorpolitiske mål. Statleg eigarskap i Avinor skal sikre at selskapet oppfyller dei sektorpolitiske måla som blir sette, i hovudsak gjennom samfunnsoppdraget til selskapet og dei samfunnspålagde oppgåvene. Det er eit overordna mål at dei sektorpolitiske målsettingane blir nådde på ein mest mogleg effektiv måte. Selskapet skal derfor sikre god forvaltning av dei statlege verdiane og ei god forretningsmessig utvikling så langt det er mogleg.

Konkret har Avinor ansvar for å drive 46 lufthamner. Tolv av lufthamnene blir drivne i samarbeid med Forsvaret, og på tre av dei – Bodø lufthamn, Bardufoss lufthamn og Andøya lufthamn – har Forsvaret ansvaret for drifta. Avinor har vidare ansvar for lufttrafikktjenesta ved 49 lufthamner, og dessutan tre kontrollsentralar og annan teknisk infrastruktur for sikker flynavigasjon. Ved 21 av lufthamnene blir det levert kontrollert lufttrafikktjeneste, mens det ved 28 blir levert lokal flyeinformatjonsteneste (AFIS).

Konsernet Avinor omfattar morselskapet Avinor AS og dotterselskapa Oslo Lufthavn AS, Oslo Lufthavn Eiendom AS, Avinor Parkeringsanlegg AS, Flesland Eiendom AS, Værnes Eiendom AS, Hell Eiendom AS og Sola Hotel Eiendom AS. Når ikkje anna blir sagt, er det med «Avinor» i denne meldinga meint heile konsernet.

Avinor skal i størst mogleg grad vere sjølvfinansierande gjennom eigne inntekter frå hovudverksemda og frå kommersiell verksemd ved lufthamnene. Internt i selskapet skal det skje ei samfinansiering mellom bedriftsøkonomisk lønnsame og ulønnsame einingar.

Samfunnsoppdraget til Avinor

Samfunnsoppdraget til Avinor er å eige, drive og utvikle eit landsomfattande nett av lufthamner for sivil sektor og ei samla flysikringsteneste for sivil og militær sektor. Staten avgjer kva for lufthamner

selskapet skal drive. Samfunnsoppdraget er nedfelt i § 3 i vedtektene for Avinor.

Avinor skal halde oppe lufthamnettet med mindre Samferdselsdepartementet har akseptert at det kan gjerast endringar. Avinor kan heller ikkje gjere vedtak som fører til at transportstandarden blir vesentleg endra på ei lufthamn, utan å ta dette opp med departementet. Det blir i denne samanhengen vist til vurderingane som er gjorde av lufthamnstrukturen i Nasjonal transportplan 2014–2023.

Samfunnspålagde oppgåver

I tillegg til samfunnsoppdraget skal Avinor utføre meir spesifikt definerte samfunnspålagde oppgåver. Staten bestemmer i eigenskap av å vere eigar kva for samfunnspålagde oppgåver Avinor skal utføre. I det følgjande blir dei viktigaste samfunnspålagde oppgåvene lista opp:

– *Planlegging og utgreiing:*

Avinor skal delta i arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP). Samferdselsdepartementet kan etter nærmare avtale med Avinor be om at selskapet utgreier konkrete tiltak eller prosjekt. Dersom Avinor har ledig kapasitet, kan selskapet òg bidra med utgreiingskapasitet, eventuelt mot betaling, til andre som planlegg tiltak på luftfartsområdet.

– *Forskning og utvikling:*

Avinor skal bidra til å hente inn, utvikle og ta i bruk ny kunnskap innanfor den verksemnda selskapet driv. Det skjer ei stor teknologiutvikling på luftfartsområdet, og det er viktig at styret i Avinor har ei medviten haldning til forskning og utvikling. Samferdselsdepartementet ventar at Avinor deltek i dei nasjonale reisevaneundersøkingane. I tillegg er det ønskeleg at reisevaneundersøkingane på fly også omfattar dei lokale lufthamnene.

– *Statistikk:*

Statistisk sentralbyrå har det overordna statistikkansvaret for norsk luftfart. Avinor har ansvar for å produsere statistikk for sine egne lufthamner og flysikringstenesta. Avinor skal òg lage og publisere månads- og årsstatistikk for passasjerar og flyrørsler for norsk luftfart samla, medrekna ikkje-Avinor-eigde norske lufthamner med rutedrift.

– *Ambulanseberedskap:*

Avinor har eit ansvar for å halde lufthamnene opne for ambulansefly og -helikopter både innanfor og utanfor den ordinære opningstida til lufthamnene.

– *Tilkomst:*

Avinor skal leggje forholda til rette for flypassasjerar med redusert funksjonsevne. Krav til tilkomst har dei seinaste åra òg blitt tekne inn i lov, og det er planar om ei forskrift om universell utforming.

– *Transport til og frå lufthamnene:*

Avinor skal vere ein pådrivar og tilretteleggjar for at transporten til og frå lufthamnene kan skje med kollektive transportmiddel. Særleg ved dei store lufthamnene er det eit mål å auke kollektivdelen.

– *Samfunnstryggleik og beredskap:*

Avinor skal medverke i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Avinor skal sjåast i samheng med Samferdselsdepartementet sin strategi for samfunnstryggleik og beredskap i transportsektoren. Risiko- og sårbarheitsanalysar, arbeid med kriseplanverk og øvingar skal inngå som integrerte delar av det daglege arbeidet med å vareta ein sikker og påliteleg levering av flysikringstenester og drift av lufthamnettet i Noreg. Sikring av infrastruktur og tenester som er kritiske for samfunnet, skal prioriterast. Avinor skal òg leggje til rette for samarbeid med andre relevante aktørar, verksemder og styresmakter i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering, også gjennom deltaking i internasjonalt arbeid.

– *Redningstenesta:*

Avinor skal medverke med innsats til redningstenesta. Redningstenesta omfattar mellom anna beredskap for kommunikasjons-tenester til luftfartøy som deltek i søk og redningsaksjonar. Brann- og redningstenesta i Avinor inngår òg som delar i den samla redningstenesta.

– *Kunngjeringsstenesta:*

Avinor har ansvar for å kunngjere luftfartsinformasjon i Noreg i samsvar med dei nasjonale og internasjonale reglane for luftfarten.

2.3 Rammer for eigarskapsutøvinga

Samferdselsdepartementet er ansvarleg for å forvalte statens eigarinteresser i Avinor. Samferdselsministeren forvaltar eigarskapen under konstitusjonelt og parlamentarisk ansvar. Styret og den daglege leiinga er ansvarlege for den daglege drifta av selskapet. Det rettslege grunnlaget for ansvaret og myndigheita departementet har som eigar, følgjer av aksjelova som fastset ei klar rolle-

fordeling mellom staten som eigar, styret og den daglege leiinga i selskapet.

Eigarskapspolitikken til Regjeringa følgjer av Meld. St. 13 (2010–2011) *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi*, jf. Innst. 392 S (2010–2011). Staten har utforma hovudprinsipp for god eigarstyring i statlege selskap. I tråd med § 10 i reglement for økonomistyring i staten har Samferdselsdepartementet fastsett interne retningslinjer for forvaltninga av eigarinteressene i Avinor.

Vedtektene til Avinor omtaler verksemdsområdet og styringsstrukturen til selskapet. Dei overordna rammene for Avinor blir fastlagde gjennom eigarmeldingane og Stortinget si behandling av meldingane. Eigarmeldingane byggjer på Avinors rapportering etter § 10 i vedtektene. Samferdselsdepartementet har ansvar for at eigarstyringa av Avinor blir utført i samsvar med overordna føringar frå Stortinget gjennom behandlinga av eigarmeldinga.

Samferdselsdepartementet legg vekt på at eigarstyringa av Avinor skal skje på ein ryddig og formelt rett måte. Eventuelle styringsvedtak vil berre bli gjorde gjennom generalforsamlingsmøte. Elles består styringsverktøyet til departementet av styreval, finansiell styring og eigardialog med selskapet.

Styremedlemmene blir normalt valde for to år om gongen. Departementet vurderer kompetansen, kapasiteten og honoraret til styret, og utarbeider ein kompetanseprofil for det samla styret. Når styremedlemmene skal veljast, legg staten mellom anna vekt på kompetanse, kapasitet, relevant kulturelt, geografisk og sosialt mangfald i tillegg til kjønns- og aldersbalanse. Departementet har i utgangspunktet ikkje direkte innsyn i arbeidet eller protokollane til styret. Vurderingane av styret skjer derfor i nær dialog med styremedlemmene og konsernsjefen.

Samferdselsdepartementet vil tidvis bli involvert i saker som gjeld samhandling mellom Avinor og andre statlege organ. I slike tilfelle er Samferdselsdepartementet bevisst på dei rollene departementet har som eigar og styresmakt.

Samfunnsansvar

I Meld. St. 13 (2010–2011), jf. Innst. 392 S (2010–2011), er det gjort greie for kva for forventingar Regjeringa har til samfunnsansvarsarbeidet til dei statleg eigde selskapa. Det er både stilt generelle og meir spesifikke forventingar til selskapa, og selskapa skal nytte seg av det såkalla følg-eller-forklar-prinsippet i arbeidet med samfunnsansvar. Arbeid-

et med samfunnsansvar skal vere forankra i styra til selskapa, og ein skal i årsmeldingane til selskapa vere open om arbeidet med samfunnsansvar.

Leiarlønnspolitik

I Meld. St. 13 (2010–2011), jf. Innst. 392 S (2010–2011), er det gjort greie for kva for forventingar Regjeringa har til lønnspolitikken til dei statleg eigde selskapa. Det er òg fastsett retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i selskap meir statleg eigarskap (fastsette av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011). Retningslinjene er meinte å vere rettleiande og eit grunnlag for styra i statlege selskap når dei fastset leiarlønnsprinsipp og avtalar. Hovudmålsettinga for retningslinjene er at leiarlønningane i selskap med statleg eigarskap skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap. Eigardepartementa legg til grunn eit følg- eller-forklar-prinsipp ved oppfølging av retningslinjene. Det er forventta at selskapet medverkar til moderasjon i leiarlønner.


Leiarlønnspolitikken i Avinor inngår i Samferdselsdepartementet si vurdering av styret. I 2012 blei det òg teke inn ei ny føresegn i vedtektene til Avinor – tilsvarande den som gjeld for allmennaksjeselskap – om at styret kvart år skal leggje fram ei erklæring om fastsetjing av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Målbruk

Det har vore lagt til grunn at Avinor som statsaksjeselskap ikkje er omfatta av lov om målbruk i offentleg teneste (mållova) på same måten som statlege organ. For å sikre målbruken er det i § 12 i selskapsvedtektene teke inn ei føresegn om målbruk. Føresegna seier at prinsippa i målbrukslova skal følgjast ved kunderetta informasjon. Elles skal prinsippa i målbrukslova følgjast, men likevel slik at det ikkje er til nemneverdig ulempe i forhold til konkurrentar.

Krav om effektiv drift

For å sikre effektiv utnytting av ressursane som er investerte i Avinor, krev Samferdselsdepartementet som eigar at Avinor skal ha ei positiv verdiutvikling over tid. Departementet set mål for avkastninga på den investerte kapitalen i selskapet og uttrykkjer langsiktige forventingar til utbytte, som gir insentiv til effektiv drift. Det blir gjort nærmare greie for avkastningsmåla og utbytteforventingane i kapittel 7.



Figur 2.1 Avinor – Ny organisasjon frå 2010

2.4 Organisering av Avinor

Ny styrings- og organisasjonsmodell for Avinor-konsernet blei innført 1. juni 2010. Det er gjort visse justeringar i 2011 og 2012. I den nye organisasjonsmodellen er dei tre tidlegare lufthamndivisjonane reduserte til to, og stabsfunksjonane er utvida.

2.5 Forholdet til Forsvaret og ny kampflybase

Avinor har eit omfattande samarbeid med Forsvaret, som gjeld både lufthamndrift og bruk av luftrommet. Samarbeidet om lufthamndrifta gjeld både på sivile lufthamner med militær sektor og på militære lufthamner med sivil sektor. Avinor er også leverandør av flysikringstenester til Forsvaret. Avinor inngår såleis i totalforsvaret av Noreg.

På bakgrunn av mandat frå Regjeringa har Forsvaret og Avinor forhandla fram ein ny samarbeidsavtale. Avtalen sikrar eit vidare langsiktig og strategisk samarbeid mellom Forsvaret og Avinor i tillegg til effektiv bruk av dei felles samfunnsressursane.

Forsvaret har behov for å eige mindre areal enn før ved mange av lufthamnene, samstundes som Avinor har behov for meir areal. Samferdsels-

departementet og Forsvarsdepartementet arbeider med å fastsette prinsipp for avhending av eigedom frå Forsvaret til Avinor.

Ved behandlinga av Prop. 73 S (2011–2012) *Et forsvar for vår tid*, jf. Innst. 388 S (2011–2012), godkjende Stortinget at hovudbasen for kampflya til Forsvaret skal lokaliserast på Ørland flystasjon, og at ein framskoten operasjonsbase i Nord-Noreg skal etablerast på Evenes. Samstundes blei det bestemt at Bodø hovudflystasjon skal leggjast ned.

Forsvarssjefen har tilrådd at Forsvaret ikkje skal ha ansvaret for flyplassdrift i framtida, med unntak av ny kampflybase. Forsvarsdepartementet og Samferdselsdepartementet vil saman vurdere dette forslaget, jf. Prop. 73 S (2011–2012). Konsekvensane for Avinor av desse omstruktureringane er ikkje endeleg avklarte, men det er på det reine at endringane i Luftforsvarets struktur vil få økonomiske konsekvensar for Avinor.

2.6 Effektivitet i Avinor

Samferdselsdepartementet fekk i 2012 gjennomført ein samanliknande studie (såkalla benchmarking) av lufthamndrifta i Avinor. Studien blei utført av German Airport Performance (GAP) og samanliknar kostnadseffektiviteten ved luftham-

nene i Avinor med kvarandre og med lufthamner i andre land. I studien blei det nytta direkte samanlikning av ulike måltal, såkalla PPM (partial performance measures), og det blei brukt ein metode kalla DEA (Data Envelopment Analysis) for å analysere effektivitet som samanliknar input (vekta) for kvar lufthamn. Det har vore utfordrande å hente inn detaljerte opplysningar om lufthamndrifta frå andre land. Mellom anna ønskte ikkje svenske og finske lufthamnopernatorar å delta i undersøkinga.

Basert på ein analyse av 154 lufthamner i Europa viste studien at kostnadene til lufthamndrift har auka frå 2002 til 2009. Avinor hadde i utgangspunktet lågare kostnader enn samanliknbare lufthamner, men forskjellen blei mindre i perioden 2002 til 2009. Studien viste òg at lufthamnavgiftene ved Oslo lufthamn, Gardermoen, er lågare enn ved dei andre skandinaviske hovudflyplassane, og dei er òg lågare enn ved størstedelen av andre store europeiske lufthamner. Avgiftene ved dei mindre lufthamnene er lågare enn ved små lufthamner i Storbritannia.

Det norske lufthamnsystemet var relativt kostnadseffektivt i 2002, men mindre kostnadseffektivt i 2007. Dei fire store lufthamnene ved Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim var relativt effektive, men med ein fallande trend på grunn av auka kostnader, mellom anna innanfor beredskap

mot terror og sabotasje (security). Dei mindre lufthamnene hadde relativt låge kostnader, men dei hadde òg låg utnyttingsgrad og lite kommersielle inntekter. Dermed var eit fleirtal av Avinors mindre lufthamner relativt lite effektive og har hatt fallande produktivitet dei siste ti åra. Avinors lufthamner ved Tromsø, Bodø, Hammerfest, Mo i Rana, Vadsø og Røst blei trekte fram som dei mest effektive av dei mindre lufthamnene.

GAP har rekna ut at Avinor ved å drive eit lufthamnsystem, reduserer effektiviteten med mellom 8 og 11 prosent samanlikna med om lufthamnene var drivne individuelt.

Utgreiaren har berekna ei potensiell kostnadsinnsparing for Avinor på 280 millionar kroner per år gjennom effektivisering og ein potensiell auke i kommersielle inntekter på 22 millionar kroner per år på dei minste lufthamnene.

GAP tilrår at ein tek sikte på å auke effektiviteten på dei mindre lufthamnene i Avinor, samstundes som ein unngår at dei store lufthamnene blir mindre effektive. Utgreiaren gir uttrykk for at dagens system med samfinansiering og svake budsjettrammer ikkje oppfordrar til kostnadseffektivitet. GAP tilrår eit system som gir insentiv til auka effektivitet for leiinga av lokale lufthamner og strammare driftsbudsjettrammer for å redusere behovet for samfinansiering.

3 Rammevilkår for Avinor

Dette kapitlet gjer greie for viktige rammevilkår som Avinor opererer under, medrekna marknadsutviklinga, regulatoriske rammer og andre forhold som påverkar rammevilkåra til selskapet.

3.1 Marknaden

Trafikkutviklinga

Figur 3.1 viser trafikkutviklinga målt i talet på terminalpassasjerar ved Avinor-lufthamnene for åra 2002–2012 og prognose for 2013–2020.

Frå 2002 og fram til 2008 var det ein kraftig vekst i flytrafikken, særleg utanriks. Hausten 2008 blei det registrert ein markert nedgang. Denne nedgangen heldt fram heilt til november 2009. Deretter har det igjen vore stor vekst. I 2012 auka passasjeretalet med 4,7 prosent, talet på flyrørslar med 4,8 prosent og talet på overflygingar i norsk luftrom med 3,5 prosent.

Trafikkprognosar frå Transportøkonomisk institutt viser at trafikken over lufthamnene til Avinor vil vekse frå 46 millionar passasjerar i 2012 til 58 millionar passasjerar i 2020. Det svarer til ein gjennomsnittleg årleg trafikkauke på 2,9 prosent.


Det er særleg utlandstrafikken Avinor reknar med vil vekse raskt. Drivkreftene for vekst er særleg knytte til den økonomiske utviklinga i samfunnet, men også andre faktorar vil kunne påverke trafikkutviklinga. Prognosane er utarbeidde for kvar einskild lufthamn og er eit viktig grunnlagsmateriale for den langsiktige infrastrukturplanlegginga. Det blir presisert at prognosane er usikre.

Marknadsaktørane

Flyselskapa som er Avinors kundar, er dominerte av tre hovudaktørar i innanriksmarknaden i Noreg. SAS var størst med 47 prosent av trafikken i 2012. Norwegian hadde 37 prosent og Widerøe 16 prosent. Danish Air Transport stod for 1 prosent av rutepassasjerane. I utlandsmarknaden hadde SAS 29 prosent, Norwegian 28 prosent, KLM 8 prosent og Lufthansa 5 prosent av passasjerane.

Konkurransesituasjonen

Avinor driv 46 av 52 lufthamner i Noreg med rute- og trafikk. Selskapet har dermed ein dominerande



Figur 3.1 Talet på terminalpassasjerar 2000–2012 og prognose 2013–2020

posisjon innanfor lufthamndrift i Noreg. 93,6 prosent av passasjertrafikken på norske lufthamner går over lufthamnene til Avinor. Dei to største konkurrentane til Avinor innanlands er Moss lufthamn, Rygge, og Sandefjord lufthamn, Torp. Rygge og Torp konkurrerer med Oslo lufthamn, Gardermoen, om trafikken på det sentrale austlandsområdet, spesielt om utanlandstrafikken. I Skandinavia er det konkurranse mellom Oslo Lufthavn og lufthamnene i København og Stockholm om den interkontinentale flytrafikken.

Avinor er framleis i hovudsak eineleverandør av flysikringstenester i Noreg til sivil og militær sektor. Tre av lufthamnene utanfor Avinor (Stord, Skien og Notodden) driv sine egne flyinformasjonstenester (AFIS) med tilskot frå staten.

3.2 Luftfartsstyresmaktene

Samferdselsdepartementet har rolla som luftfartsstyresmakt og påverkar gjennom det rammevilkåra for Avinor, mellom anna gjennom regelverksutvikling, konsesjonar og takstpolitikk. I tillegg er myndigheit på ei rekkje område delegert til Luftfartstilsynet, som òg fastset forskrifter og fører tilsyn med verksemda i Avinor. På miljøvernområdet gir luftfartslova Samferdselsdepartementet heimel til å regulere inn- og utflygingstraséar for å redusere flystøy.

European Aviation Safety Agency (EASA) er EUs byrå for flytryggleik. Formålet med EASA er å sikre eit høgt og einsarta nivå på flytryggleiken i Europa. EASA skal òg medverke til like konkurransevilkår og økonomiske innsparingar for luftfartsindustrien. Noreg blei medlem av EASA i 2005. EASA har gradvis fått utvida ansvarsområdet sitt, slik at det omfattar stadig fleire av dei ulike områda for flytryggleik. I desember 2009 blei ansvarsområdet utvida til å omfatte flysikringstenester. Ansaret blei samstundes utvida til òg å gjelde utforming, drift og vedlikehald av lufthamner og utstyr på lufthamner. Gjennomføringsreglane skal etter planen vere vedtekne innan utgangen av 2013. Det blir vist til behandlinga av Prop. 27 S og Innst. 146 S (2012–2013), som omhandla utvidinga av EASAs kompetanse.

3.3 Regelverk

Ein stor del av regelverket på luftfartsområdet er felleseuropeisk regelverk som er teke inn i norsk rett gjennom EØS-avtalen. EU-regelverket bygger igjen på internasjonale standardar som er gitt

mellom anna gjennom FNs internasjonale luftfartsorganisasjon ICAO (International Civil Aviation Organisation). Nedanfor følgjer omtale av ein del av dei viktigaste regelverksarbeida som går føre seg for tida, og som verkar inn på rammevilkåra til Avinor.

Nye felleseuropeiske tryggleikskrav til lufthamner EASA har hatt på høyring eit forslag til felles europeiske tryggleikskrav for lufthamner. Formålet med forslaget er å skape harmoniserte reglar for flyplassane i Europa. Regelverket vil innehalde krav til styresmakter, flyplassoperatørar, flyplassoperasjonar og flyplassutforming og skal etter planen vere vedteke i EU innan utgangen av 2013.

Det nye regelverket (Forordning (EC) nr. 1108/2009) vil, om det blir teke inn i EØS-avtalen og gjennomført i norsk rett, danne grunnlag for EU-sertifisering av alle lufthamnene til Avinor. Sertifiseringar etter nytt regelverk skal vere gjennomførte innan 2018.

EASA har i regelverksforslaget lagt opp til at medlemsstatane skal ha stor grad av fleksibilitet med omsyn til nasjonale løysingar. Eksisterande flyplassar skal dermed òg i stor grad kunne haldast ved lag slik dei er i dag, eventuelt med tillegg av nærmare fastsette kompenserande tiltak.

Eit felles europeisk luftrom

EU vedtok i 2004 ein lovgivingspakke om eit felles europeisk luftrom (Single European Sky – SES). Lovgivingspakken blei teken inn i EØS-avtalen i 2007 og skal bidra til å effektivisere avviklinga av flytrafikken over Europa. Samstundes skal pakken ha positive verknader for miljøet, flytryggleiken og brukarane i form av lågare avgifter. Det blir i denne samanheng vist til behandlinga av St.prp. nr. 87 (2005–2006) *Om samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 67/2006 av 2. juni 2006 om innlemmelse i EØS-avtalen av europaparlaments- og rådsforordningar angående et felles europeisk luftrom* og Innst. S nr. 46 (2006–2007). I tilknytning til SES har EU sett desse overordna måla for resultatoppnåing i europeisk luftrom innan 2030:

- Flytryggleiken skal aukast med ein faktor på 10.
- Kapasiteten skal aukast med 300 prosent.
- Den negative innverknaden flytrafikken har på miljøet, skal reduserast med 10 prosent.
- Einingskostnaden skal reduserast med minimum 50 prosent.

I 2009 vedtok EU ein ny lovgivingspakke om det felles europeiske luftrommet (Single European Sky II – SES II). Dei viktigaste elementa i den nye pakken er at det blir innført formelle kvalitetskrav til flysikringstenestene (ytingsstyringssystem) og formelle krav til samarbeid om styring av flytrafikken (nettverksstyring). Vidare er krava til å etablere såkalla funksjonelle luftromsblokker, som omfattar luftrommet over fleire statar, skjerpa, og det er fastsett ein tidsfrist for etableringa.

Tendensen er at luftfartssamarbeidet i Europa blir stadig meir omfattande. SES II er eit ledd i eit breiare lovgivingsinitiativ saman med utvidinga av ansvarsområdet til EASA og EUs teknologi-program for flysikring (SESAR). Den nye lovgivingspakken blir rekna som EØS-relevant, og frå norsk side er det vurdert at regelverket vil vere akseptabelt å ta inn i EØS-avtalen med ein tilpassingstekst. SES II er førebels ikkje innlemma i EØS-avtalen i påvente av ei politisk løysing for særlege utfordringar for Island. Regjeringa vil kome attende til saka når nødvendige avklaringar ligg føre.

Samferdselsdepartementet stiller seg bak målsetjingane for det felles europeiske luftrommet. Norsk luftfart er ein del av den indre marknaden i EU. Det er derfor viktig å delta i SES på linje med dei andre landa for å sikre dei nasjonale aktørane like vilkår. Samstundes er det viktig å delta for å påverke regelverksutviklinga til å passe til norske forhold så langt som mogleg. Mellom anna har norsk luftrom færre trengselsproblem enn luftrommet over Sentral-Europa.

Frå norsk side har det derfor vore ønskeleg å delta i prosessane i SES II frå starten av. I samsvar med regelverket i SES II har Samferdselsdepartementet vedteke ein nasjonal ytingsplan for flysikringstenestene i Noreg. Noreg har vidare inngått ein avtale om å etablere ei funksjonell luftromsblokk. Noreg deltek òg i samarbeid om nettverksstyring gjennom medlemskapen i EUROCONTROL.

Nasjonal ytingsplan for flysikringstenestene i Noreg

Innføringa av ytingsstyring skal sikre måloppnåing for dei delane av flysikringsverksemda som er naturlege monopol. Ytingsstyringa inneber at kvar einskild stat skal etablere bindande mål for tenesteytarane. Flysikringstenestene lokalt (terminal- og innflygingstenester) kan effektiviserast anten gjennom konkurranseutsetjing eller gjennom ytingsstyring.

Samferdselsdepartementet har vedteke ein nasjonal ytingsplan for flysikringstenestene som

inkluderer Avinor, og som blei innført med verknad frå 1. januar 2012. Ytingsplanen gjeld for første referanseperiode, som er 2012–2014. Det er Samferdselsdepartementet og Luftfartstilsynet som forvaltar planen.

Eit overordna mål for heile EU-området er å redusere undervegsavgifta med om lag 10,5 prosent i den første referanseperioden. For Avinor vil det seie at einingsprisen (unit rate) blir redusert med 18,5 prosent i perioden 2009–2014. Det inneber ein gjennomsnittleg reduksjon på omtrent fire prosent per år.

For neste referanseperiode, 2015–2019, skal det leggjast fram forslag til felleseuropeiske målkrav i september 2013. Det følgjer av dei overordna politiske målsetjingane at krava vil bli ytterlegare skjerpa i andre referanseperiode. Det vil då bli gjort gjeldande mål for både undervegstenestene og delar av terminaltenestene.

NEFAB

Ein annan viktig del av lovgjevingspakken om eit felles europeisk luftrom er arbeidet med å få til ei betre samordning av verksemda til flytrafikkontrollen i luftrommet over Europa gjennom å etablere såkalla funksjonelle luftromsblokker, der kontrolleringane samarbeider tett på tvers av landegrensene. Statane som deltek i ei luftromsblokk, inngår ein formell avtale om verksemda. Avtalane er eit viktig og nødvendig element i etableringa av funksjonelle luftromsblokker.

Noreg har inngått ein avtale med Finland, Estland og Latvia om å etablere ei felles nordeuropeisk funksjonell luftromsblokk (North European Functional Airspace Block – NEFAB), jf. Prop. 143 S (2011–2012) og Innst. 25 S (2012–2013). Opphavleg deltok Sverige, Danmark og Island òg i forhandlingar om ei felles funksjonell luftromsblokk. Det er eit mål for Noreg å oppnå eit tettare samarbeid med Sverige og Danmark, som har etablert si eiga funksjonelle luftromsblokk. Avtalen om NEFAB uttrykkjer ein visjon frå NEFAB-statane om at dette skal skje.

NEFAB-avtalen har som formål å organisere lufttrafikkstyringa og luftrommet mellom dei fire deltakande statane uavhengig av dei eksisterande nasjonale grensene. Det er etablert styrings- og samarbeidsorgan som Samferdselsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Luftfartstilsynet og Luftforsvaret deltek i, og det er òg inngått ein eigen avtale om eit tettare samarbeid mellom luftfartsstyresmaktene i NEFAB-landa. Avinor og dei andre nasjonale ytarane av flysikringstenester har på si side inngått ein samarbeidsavtale, og dei har

utarbeidd konkrete planar for tiltak som skal gi ei betre og meir effektiv teneste innanfor det aktuelle luftrommet. Etableringa av NEFAB inneber ikkje i seg sjølv at Noreg har bunde seg til bestemte løysingar når det gjeld framtidig infrastruktur, organisering av lufttrafikktenesta, talet på kontrollsentralar eller eventuell konkurranseutsetjing av tenester. Samferdselsdepartementet ventar at Avinor tek ei aktiv rolle i NEFAB-samarbeidet, og at samarbeidet vil gi kostnadseffektiveringsevinstar for Avinor.

For å få eit betre samarbeid omkring flyvêrtenesta har Meteorologisk institutt engasjert seg i eit tettare samarbeid med tilsvarande aktørar i dei andre nordiske landa.

SESAR

Ein tredje viktig del av det felles europeiske luftrommet er forskings- og utviklingsprogrammet SESAR, som skal leggje grunnlaget for ei omfattande modernisering av styringssystema for flytrafikken i Europa. For tida er programmet i utviklingsfasen. Noreg bidreg til dette mellom anna gjennom bidrag til EUs FoU-rammeprogram. Avinor deltek i konkrete prosjekt i SESAR gjennom NORACON-konsortiet, jf. boks 3.1, som omfattar europeiske tenesteytarar innanfor flysikringssektoren. Avinor ønskjer å medverke til at nye operative konsept og teknologiske løysingar varetek regionale behov i område med andre utfordringar enn dei som er identifiserte i Sentral-Europa.

Etter kvart som ny flysikringsteknologi blir utvikla og skal innførast gjennom SESAR, vil det transeuropeiske nettverket for transport (TEN-T) vere ein finansieringsreiskap. Noreg deltek ikkje i den delen av TEN-T som finansierer infrastruktur, og Avinor har derfor ikkje same tilgangen til finansiering av slike tiltak som EU-medlemmer.

Samferdselsdepartementet ser det som positivt at Avinor deltek i SESAR-programmet. Det er viktig å bidra til at nye teknologiløysingar som blir utvikla, også er eigna for bruk i Noreg. Den delen av TEN-T som finansierer infrastruktur, er definert til ikkje å falle inn under EØS-avtalen. Samferdselsdepartementet vil vurdere nærmare dei utfordringane dette reiser for Avinor.

Forordning om kvalitetskrav for luftfartsdata og luftfartsinformasjon

Som eit ledd i arbeidet for å sikre god nok kvalitet på luftfartsdata har EU vedteke forordning (EU) 73/2010 om krav til kvalitet for luftfartsdata og luftfartsinformasjon (Aeronautical Data Quality –

Boks 3.1 Internasjonalt samarbeid innanfor SES der Avinor deltek

Borealis er ein samarbeidsallianse mellom flysikringstenesteleverandørane i Sverige (LFV), Danmark (Naviair), Irland (IAA), Estland (EANS), Latvia (LGS), Finland (Finavia), Storbritannia (NATS), Island (Isavia) og Noreg (Avinor). Alliansen blei etablert 20.6.2012 og har som mål å redusere kostnadene og forbetre miljøprestasjonane for medlemmene.

NEFAB (North European Functional Airspace Block) er eit samarbeid mellom statane, tilsynsstyresmaktene og flysikringsleverandørane i Finland, Estland, Latvia og Noreg om å organisere luftrommet og lufttrafikkstyringa innanfor ei felles nordeuropeisk funksjonell luftromsblokk. Avtalen om NEFAB tok til å gjelde 23.12.2012.

NORACON (North European and Austrocontrol Consortium) er eit konsortium som omfattar flysikringsorganisasjonane i Finland, Estland, Island, Irland, Sverige, Danmark, Austerrike og Noreg. Konsortiet deltek i FoU-programmet SESAR og er medlem i styringsorganet SESAR Joint Undertaking.

ADQ). Forordninga er vurdert å vere EØS-relevant, men er førebels ikkje teken inn i EØS-avtalen og norsk rett. Forordninga inneber at det må produserast nye, meir detaljerte digitale terreng- og hinderdata. Dette vil mellom anna involvere Avinor og Statens kartverk. Det er førebels ikkje avklart korleis kostnadene med ny kartlegging, og datafangst skal fordelast.

Universell utforming

For å oppfylle målet om universell utforming i luftfarten har Samferdselsdepartementet utarbeidd eit forslag til ei ny forskrift. Forskrifta skal sikre at alle norske lufthamner oppfyller krava til universell utforming i samsvar med diskriminerings- og tilkomstlova, jf. Ot.prp. nr. 44 (2007–2008).

Forenkla transfer

Flypassasjerar som kjem frå utlandet og skal vidare innanlands med fly, må i dag gjennom tollkontroll før transfer. Det fører til at dei må sjekke

inn bagasjen på nytt og gå gjennom ein ny tryggleikskontroll før overgangen til innanriksfly. Samferdselsdepartementet har i samråd med Finansdepartementet sett ned ei breitt samansett arbeidsgruppe med representantar frå luftfartsnæringa, politiet og tollstyresmaktene for å foreslå ein forenkla transferprosess. Arbeidsgruppa skal vurdere moglege alternativ for å kartleggje eventuelle tidsparande eller effektiviserande endringar i dagens system.

Security-regelverk

Eit nytt EU-regelverk tillèt lufthamnoperatørar å bruke såkalla kroppsskannar i tryggleikskontrollen. Regelverket gjeld òg for Noreg frå februar 2013. Det er opp til Avinor og dei andre lufthamnoperatørane om dei ønskjer å nytte kroppsskannarar. Bruk av kroppsskannarar er éin av fleire alternative metodar. I samsvar med regelverket har passasjerane rett til å reservere seg mot kontroll med kroppsskannar. I så tilfelle blir alternative kontrollmetodar nytta.

EU-kommisjonen arbeider for at forbodet mot å ta med væske gjennom tryggleikskontrollen skal kunne opphevast. Det skulle etter planen skje ei lemping av forbodet frå 29. april 2013, men utviklinga av nytt skanningutstyr har ikkje gått så raskt som ønskjeleg, og dette må derfor utsetjast. Avinor må med tida investere i nye væskeskannarar.

Støyforskrift Oslo lufthamn, Gardermoen


I 2011 tok ei ny forskrift om støyforebygging for Oslo lufthamn, Gardermoen, til å gjelde. Den nye forskrifta fastset mellom anna toleransekorridorar for avgang, strengare reglar for innflyging og aukte minstehøgder over store område med busetnad.

3.4 Takstpolitikk

Figur 3.2 viser utviklinga i luftfartsavgiftene. Avgiftene har i perioden 2005–2011 auka mindre enn konsumprisindeksen. Dette inneber at det har vore ein realprisnedgang i avgiftsnivået.

Dagens takstregulering

I eigenskap av å vere luftfartsstyresmakt fastset Samferdselsdepartementet avgiftene flyselskapa betaler for å bruke Avinors lufthamn- og flysiringstenester. Forskrifta om avgift på Avinors lufthamner blir normalt fastsett ein gong kvart kalenderår etter innstilling frå Avinor og høyring blant dei aktuelle partane. Flysiringavgiftene blir òg berekna per kalenderår, men med heimel i ei forskrift som gjeld utan tidsavgrensing. Denne forskrifta gjennomfører regelverket om eit felles europeisk luftrom. Avgiftspolitikken skal sikre inntektene til Avinor, medverke til effektiv drift og



Figur 3.2 Utvikling i konsumprisindeksen og luftfartsavgiftene. 1996–2011. 1996 = 100

vareta andre samfunnsomsyn som miljø, omsynet til distrikta og ein levedyktig luftfart i Noreg. Avinor har òg ordningar for oppstartsrabatt på nye flyruter. Avgiftsinntektene representerer i sum om lag halvparten av inntektene til Avinor.

Innføringa av regelverket om eit felles europeisk luftrom har gjort det nødvendig å gjennomføre eit tydelegare skilje mellom avgifter som blir brukte til å finansiere høvesvis lufthamntenester og flysikringstenester. Ein stor del av avgiftene på flysikringstenestene er no kostnadsbaserte, men med modellar for risikodeling mellom kunde og leverandør. EU-forordningar om avgifter på flysikringstenester og om ytingsstyring blir viktige verkemiddel for å styrkje kostnadseffektiviteten ved at det blir mogleg å stille krav til reduksjon i kostnadene. Luftfartstilsynet fører tilsyn med berekninga av flysikringsavgiftene.

Avgiftene til securitykontroll er òg kostnadsbaserte. Samferdselsdepartementet vil òg vurdere nærmare ei insentivordning for å effektivisere tryggleikskontrollen gjennom securityavgifta. Dette vil bli vurdert når ein har fått meir erfaring frå ytingsplanen på flysikringsområdet.

Noreg har ein lang tradisjon med eit solidarisk lufthamnsystem, der overskot ved lufthamner med stor trafikk bidreg til å dekkje underskot ved lufthamner med mindre trafikk.

Avinor står overfor store investeringar i dei neste åra, og Samferdselsdepartementet vil opne for at ein kan vurdere å auke takstane i tråd med konsumprisindeksen (KPI).

Framtidig struktur for avgiftene ved Avinors lufthamner

I mars 2012 blei EU-direktiv 2009/12 om lufthamnavgifter teke inn i EØS-avtalen. Direktivet regulerer ikkje nivået på avgiftene, men stiller krav om at flyselskapa skal få vite kva for prinsipp som er lagde til grunn for avgiftsfastsetjinga, og kva det kostar å yte dei einskilde tenestetypene på ei lufthamn (transparens). Direktivet tillèt at avgiftene blir fastsette av staten som uavhengig styresmakt, men ikkje av den same styresmakta som eig lufthamnene. Samferdselsdepartementet understrekar at staten skal styre takstpolitikken også etter innføringa av EU-direktiv 2009/12 om lufthamnavgifter. Departementet vil sende eit forslag til ny forskrift om lufthamnavgifter som gjennomfører EU-direktiv 2009/12 om lufthamnavgifter, ut på høyring. Departementet tek sikte på at den nye forskrifta kan gjelde frå 2015.

Avgifter for Forsvaret

Eit prinsipp i samarbeidsavtalen mellom Avinor og Forsvaret frå 2011 er at Forsvaret skal betale kostnadene ved bruken av flysikringstenestene. Samferdselsdepartementet planlegg derfor å regulere dei flysikringsavgiftene Forsvaret skal betale, i forskriftsføresegner som er bygde over same leisten som forskrifta om flysikringsavgifter for sivil luftfart.

Ved lufthamnene som Avinor og Forsvaret driv i samarbeid, skal betalinga for lufthamntenestene som blir leverte mellom Avinor og Forsvaret, vere baserte på dei faktiske kostnadene. Samferdselsdepartementet tek sikte på å regulere Forsvarets betaling for lufthamntenester ved lufthamnene som Avinor driv, i ei forskrift. Ved dei lufthamnene som Forsvaret driv, vil det bli vidareført ei avrekningsordning der kostnadene blir fordelte mellom partane etter ein fordelingsnøkkel basert på talet på sivile og militære flyrørslar.

3.5 Løyvepolitikk

Lufthamner

Etter luftfartslova trengst det løyve frå Samferdselsdepartementet for å opparbeide, drive eller eige ein landingsplass. Løyve kan berre gjevast når det er i samsvar med allmenne interesser. Eit løyve blir gitt for ei bestemt tid og på dei vilkåra Samferdselsdepartementet set. Ved større endringar, til dømes ved ei utviding av ei lufthamn, trengst det ny løyvebehandling.

Oslo Lufthavn AS fekk 22. desember 2010 fornya og endra løyvet til Oslo lufthamn, Gardermoen. Det nye løyvet, som er gitt for ein periode på 20 år, opnar for å byggje ut den såkalla terminal 2 (T2). Avinor har søkt om fornya løyve for Bergen lufthamn, Flesland, som omfattar ein tredje terminal. Søknaden om løyve er til behandling i departementet. Dette blir behandla som ei eiga sak.

Utpeiking av Avinor som leverandør av luftrafikktenester

Som styresmakt har Samferdselsdepartementet peikt ut Avinor som nasjonal leverandør av luftrafikktenester i Noreg. Det følgjer av forordning (EF) nr. 550/2004 om yting av flysikringstenester i det felles europeiske luftrommet («tenesteytingsforordninga») at staten pliktar å sørgje for at ein

Boks 3.2 Funksjonar i flysikringstenesta

Flysikringstenesta omfattar følgjande tenester:

- Lufttrafikktenesta
 - Flygekontrolltenesta
 - Flygeinformasjonstenesta (AFIS)
 - Alarmtenesta
- Flynavigasjonstenesta
 - Flynavigasjonsanlegg, kommunikasjon, og overvaking
- Flyvêrtenesta
- Kunngjeringstenesta

AFIS-tenesta i Avinor er ikkje organisert i Flysikringsdivisjonen, men i divisjon Nasjonale, regionale og lokale lufthavner.

Kunngjeringstenestene AIS/Notam er organiserte i Flysikringsdivisjonen, dei andre områda av kunngjeringstenestene blir utført av Kompetansesenter luftfartsfag

bestemt tenesteytar er utpeikt som ytar av lufttrafikktenester i alle aktuelle delar av luftrommet. Avinor er utpeikt som leverandør av lufttrafikktenester og har gjennom utpeikinga einerett og plikt til å yte lufttrafikktenester for det luftrommet der Noreg til kvar tid har plikt til å sørge for at det blir ytt slike tenester. Samferdselsdepartementet vedtok i september 2012 å forlenge utpeikinga av Avinor som ytar av lufttrafikktenester for ein periode på to år fram til 26. september 2014. Utpeikingsvedtaket stiller òg vilkår om planlegging og rapportering, medrekna mellom anna planlegging av flygeleiarkapasitet.

Ved utpeikinga av Avinor er det likevel opna for at også andre aktørar kan få yte lufttrafikktenester med heimel i vedtak som Samferdselsdepartementet har gjort. Fleire selskap er utpeikte til å yte flygeinformasjonstenester. Det gjeld luftrommet over dei ikkje-statlege lufthamnene Skien, Notodden og Stord og offshoreluftrommet over Ekofisk og Tampen. Ingen andre aktørar enn Avinor har så langt blitt utpeikte til å yte flygekontrolltenester i norsk luftrom. Flygekontrolltenesta inneber ein rett til å utøve myndigheit over dei som bruker luftrommet. Avinors myndigheit er

fastsett ved delegasjonsvedtak av 17. desember 2002 nr. 1658 med heimel i luftfartslova.

Regelverket i tenesteytingsforordninga opnar for at Samferdselsdepartementet kan samtykkje i at lufthamner som er drivne av andre enn Avinor, kan nytte andre leverandørar enn Avinor til å yte lufttrafikktenestene ved lufthamnene (terminaltenestene). Departementet kan leggje vekt på breiare samfunnsomsyn, beredskap, konkurranse og samfunnsøkonomi om det skal gi samtykke til å få nytte ein annan tenesteytar enn Avinor. Sjå òg vurderingane til Samferdselsdepartementet i kap. 6.6.

Undervegstenesta blir driven frå kontrollsentralane til Avinor. Avinor kjem til å vere eineleverandør av denne tenesta i Noreg ut perioden selskapet er utpeikt som ytar av lufttrafikktenester for. Undervegstenesta er omfatta av den nasjonale ytingsplanen som blei fastsett av Samferdselsdepartementet med verknad frå 1. januar 2012. Ytingssystemet set effektiviseringskrav og er meint å bøte på manglande insentiv i monopolmarknaden.

Samferdselsdepartementet har peikt ut Meteorologisk institutt som ytar av flyvêrtenester til 31. desember 2014.

3.6 Tilskotspolitikk

Drifta av dei største lufthamnene og høvet til å drive avgiftsfritt sal gir Avinor gode kommersielle inntekter. Regjeringa kan òg påverke dei økonomiske rammevilkåra til selskapet gjennom å justere mellom anna takstpolitikken og utbyttepolitikken. Det er eit mål at Avinor skal vere sjølvfinansiert og drivast utan tilskot frå staten. Det må i denne samanhengen skiljast mellom tilskot som Samferdselsdepartementet som tilskotsstyresmakt kan fremje forslag om, og kapitaltilførsel som departementet som eigar av Avinor eventuelt kan fremje forslag om.

I samband med den førre eigarmeldinga (St.meld. nr. 48 (2008–2009)) blei det lagt fram ein pakke som innebar ekstraordinære investerings-tilskot til Avinor. Selskapet stod den gongen overfor store tryggleiksinvesteringar som fall saman med den internasjonale finanskrisa. Som følgje av dette løyvde Stortinget 150 millionar kroner i 2009 og 50 millionar kroner i 2010 i investeringstilskot til Avinor. Det blir ikkje foreslått nye tilskot til Avinor i denne meldinga.

4 Verksemnda i Avinor 2007–2011

Dette kapitlet gjer greie for verksemnda i Avinor i perioden 2007–2011. Hovudvekta er lagd på 2010 og 2011 med bakgrunn i § 10-planen som selskapet la fram hausten 2012, men delar av rapporteringa er oppdatert med tal frå 2012. Kommentrarar frå Samferdselsdepartementet følgjer til slutt i kapitlet.

Avinor har i § 10-planen rapportert om tryggleik, økonomi, kvalitet, effektivitet, miljø og interne forhold i konsernet. Den internasjonale finanskrisa førde frå hausten 2008 til ein periode med nedgang i flytrafikken, noko som òg påverka driftsinntektene og årsresultatet til Avinor. Det var bakgrunnen for ein tiltakspakke for Avinor som blei lagd fram i samband med den førre eigarmeldinga, St.meld. nr. 48 (2008–2009), jf. Innst. 95 S (2009–2010). Frå slutten av 2009 snudde den fallande trenden, og selskapet har oppnådd gode resultat i perioden 2010–2012.

4.1 Rapportering frå verksemnda i Avinor

Flytryggleik

Det er generelt eit høgt tryggleiksnivå i norsk luftfart. Tabell 4.1 viser kor mange alvorlege luftfartshendingar og luftfartsulykker det har vore der forhold i Avinor var ein del av årsakssamanhengen. I perioden 2007 til 2012 var det tre slike luftfartsulykker. I same perioden var det 20 alvorlege luftfartshendingar, primært knytte til teknisk-operative forhold ved fly og trafikkmønster.

Avinor har over lang tid følgt med på rapporterings- og tryggleikskulturen. Det er eit mål for selskapet å ha høg rapporteringsgrad og vere svært opent. Dette medfører at rapporteringa av luftfartshendingar i konsernet er stabilt høg.

Tabell 4.1 Luftfartsulykker og alvorlege luftfartshendingar der forhold i Avinor var ein del av årsakssamanhengen 2007–2012

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Luftfartsulykker	1	0	1	1	0	0
Alvorlege luftfartshendingar	1	5	3	0	4	7

Satellittbasert innflygingssystem

Avinor har i samarbeid med andre aktørar utvikla eit satellittbasert innflygingssystem. Systemet, SCAT-I, gir betre flytryggleik og regularitet. Avinor har installert systemet på 17 lokale lufthamner. Utstyret som må installerast i flya for å kunne nytte SCAT-I, er lite tilgjengeleg og førebels er det berre Widerøe som har teke systemet i bruk.

Samfunnstryggleik og beredskap

Avinor og Samferdselsdepartementet har halvårlege kontaktmøte om samferdselsberedskap. Avinor deltek òg i andre fora knytt til samfunnstryggleik og beredskap, mellom anna i *Tryggleiksrådet for luftfarten og Etatsgruppe vulkansk oske* (EVA). Selskapet får tilskot frå Samferdselsdepartementet til samferdselsberedskap. Tilskotet skal særleg brukast til øvingar og risiko- og sårbarheitsanalysar. Avinor tok mellom anna aktivt del i politiet si nasjonale kriseøving, *Øvelse Tyr*, i 2012. Avinor har i tilknytning til 22. juli-kommisjonen sine læringspunkt identifisert eigne tiltak og utarbeidd ein handlingsplan som tek sikte på å forbetre kriseberedskapen ytterlegare.

Erfaringar frå handtering av oskeskyer frå vulkanutbrota på Island og stenginga av luftrommet i 2010 og 2011 har ført til eit nytt regelverk for flyging i luftrom med vulkansk oske. Avinor har etablert nye prosedyrar og beredskapsplanar for å forvalte det nye regelverket.

Avinor gjennomfører saman med Samferdselsdepartementet eit FoU-prosjekt for ytterlegare å forbetre prosedyrar for å handtere situasjonar med utslepp av vulkansk oske.

Økonomi

Økonomisk utvikling

Tabell 4.2 viser nøkkeltal frå rekneskapen til Avinor for perioden 2007–2012. Konsernet har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst i driftsinntektene for perioden 2007–2012 på 6,5 prosent. Kommersielle og andre inntekter var i 2012 på 4 396 millionar kroner, noko som svarer til 48 prosent av dei totale driftsinntektene. Om lag 90 prosent av driftsinntektene til konsernet kjem frå lufthamnverksemda, mens flysikringstenesta står for om lag 10 prosent.

Gjennomsnittleg årleg vekst i driftskostnadene for perioden 2007–2012 var 6,8 prosent. Det var stor kostnadsvekst i perioden fram til 2008, men auken var meir moderat i 2009 og 2010. I 2012 var kostnadsveksten på 5 prosent. Avinor har peikt på fleire sentrale kostnadsdrivarar dei siste fem åra, mellom anna regulatoriske endringar innanfor tryggleik, overtaking av ansvaret for passasjerar med redusert mobilitet, investeringar i tryggleiksstyr, prisvekst på tenester, auka prosjektkostna-

der og kostnader ved at selskapet no må drive med nærmare full kapasitet ved dei store lufthamnene.

Konsernresultatet etter skatt blei på 927 millionar kroner i 2012. Fordi kostnadsveksten var høgare enn inntektsveksten, har driftsmarginen til konsernet hatt ein negativ trend. Justert for ein-gongspostar er likevel driftsmarginen til konsernet styrkt dei siste åra.

Avinor har i perioden 2010–2012 gjennomført eit resultatforbetningsprogram som gjennom ein kombinasjon av kostnadsreduksjonar og inntektsaukingar, har hatt som mål å oppnå ei resultatforbetring på 350 millionar kroner. Programmet blei avslutta i 2012 med ein oppnådd effekt på 342 millionar kroner. Om lag 60 prosent av effekten kom gjennom kostnadsreduksjonar og 40 prosent gjennom auka inntekter.

Tabell 4.3 viser driftsresultatet i Avinor per eining for perioden 2007–2012, før og etter omorganiseringa i 2010. Resultatet frå dei største lufthamnene går med til å finansiere lufthamnettet elles, som hadde eit samla driftsunderskot på om lag 1200 millionar kroner både i 2010, 2011 og 2012.

Tabell 4.2 Avinor-konsernet – nøkkeltal frå rekneskapane 2007–2012 (millionar kroner)

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Driftsinntekter	6 689	7 384	7 356	7 871	8 622	9 152
Driftskostnader	4 425	4 923	5 164	5 072	5 842	6 134
Driftsresultat (EBITDA)	2 264	2 473	2 192	2 799	2 780	3 018
Av- og nedskrivningar	963	1 046	1 000	1 090	1 259	1 336
Driftskostnader inklusive avskrivningar	5 388	5 958	6 164	6 162	7 101	7 470
Driftsresultat (EBIT)	1 307	1 363	1 183	1 745	1 485	1 662
Årsresultat etter skatt og finansresultat	731	765	605	1 008	844	927
Renteberande gjeld	6 863	6 547	8 300	8 645	9 753	11 188
Eigenkapital	9 120	9 285	10 111	10 999	10 414	10 357
Sum egedelar	19 610	20 160	22 383	23 475	25 849	28 146
EK/EK + renteb. gjeld	57,1 %	58,6 %	54,9 %	56,0 %	51,6 %	48,1 %
Eigenkapitalprosent	46,5 %	46,1 %	45,2 %	46,9 %	40,3 %	36,8 %
Renteb. gjeld / EBITDA	3,0	2,7	3,8	3,1	3,5	3,7
Avkast. invest. kapital	6,6 %	6,4 %	5,2 %	7,1 %	5,7 %	5,80 %
Avkast. eigenkapital	8,8 %	8,3 %	6,2 %	9,6 %	7,9 %	8,90 %
Utbytte til staten	325	397	0	0	504	422
Statstilskot til Avinor	0	0	150	50	0	0
Intern samfinansiering	848	1 000	1 121	1 201	1 201	1 233

Tala for 2007 er berekna på nytt i 2008 etter omlegging til IFRS. Lufthamndivisjonane i Avinor blei omorganiserte i 2010.

Tabell 4.3 Avinor-konsernet - driftsresultat per eining i Avinor 2007–2012 (millionar kroner)

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Oslo Lufthavn	1 843,3	1 910,3	1 861,4	2 034,1	1 990,9	2 104,2
Store lufthamner (5)	616,3	711,7	692,8			
Mellomstore lufthamner (11)	-308,7	-352,0	-405,5			
Regionale lufthamner (29)	-539,7	-648,3	-715,4			
Store lufthamner (3)				803,9	947	979,5
Regionale og lokale lufthamner (42)				-1 200,8	-1 200,6	-1 233,0
Flysikring	17,3	45,5	18,1	65,7	93,7	61,9
Konsernpostar	-321	-271,3	-268,0	41,9	-345,7	-250,4
Avinor-konsernet	1 307,5	1 395,9	1 183,4	1 744,8	1 485,4	1 662,2

Tala for 2007 er berekna på nytt i 2008 etter omlegging til IFRS. Lufthamndivisjonane i Avinor blei omorganiserte i 2010.

Investeringar

Avinor har i seksårsperioden 2007–2012 investert 15,5 milliardar kroner i varige driftsmiddel. Det svarer til om lag 2,6 milliardar kroner per år. Terminalbygget på Stavanger lufthamn, Sola, blei utvida i 2008. Same året blei rullebaneforlenginga ved Molde lufthamn, Årø, ferdigstilt. I perioden har det blitt bygd ei rekkje nye radarinstallasjonar som skal sikre full radardekning for Fastlands-Noreg og betre dekninga offshore. Avinor har òg gjennomført ei rekkje investeringar i tryggleiks-område og lysanlegg i tråd med forskrift om utforming av store flyplassar. Nytt VIP-hus ved Oslo Lufthavn blei teke i bruk i 2011. Fleire investeringsprosjekt er starta i perioden, men ikkje avslutta enno. Det gjeld mellom anna terminal 2 ved Oslo lufthamn, Gardermoen.

Kundar

Punktlegheit, effektivitet og service

Avinor har som mål å vere blant den beste tredjedelen av lufthamnene i Europa når det gjeld

punktlegheit, effektivitet og service. Avinor kartlegg årleg status gjennom ei brei internasjonal samanlikning i regi av Transportøkonomisk institutt (TØI). Kartlegginga omfattar dei største lufthamnene i Noreg og flysikringstenesta. Resultata viser at Avinor er betre enn gjennomsnittet, men selskapet har enno ikkje nådd målet om beste tredjedel. Oslo lufthamn, Gardermoen, er på topp i Europa når det gjeld effektivitet, klart best av dei nordiske hovudflyplassane når det gjeld punktlegheit, og på gjennomsnittet når det gjeld service.

Dei interne punktlegheits- og regularitetsmåla til Avinor er på høvesvis 88 og 98 prosent. Tabell 4.4 viser punktlegheit og regularitet på Avinor-lufthamnene for perioden 2007–2012. Avinor ligg nær målsettingane både når det gjeld punktlegheit og regularitet, men oppnår ikkje målsettingane kvart år. Punktlegheita viser ei klar forbetring frå 2007–2012.

For om lag 20 prosent av forseinkingane i 2011 låg årsakene i Avinor. Fly- og handlingselskap stod for 65 prosent, mens værforhold var årsaka til 12 prosent av forseinkingane i 2011. Denne fordelinga har vore relativt stabil dei seinare åra.

Tabell 4.4 Punktlegheit og regularitet på Avinor-lufthamnene 2007-2012 (prosent)

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Mål
Punktlegheit	83,6	86,0	88,9	89,2	87,5	88,1	88
Regularitet	98,4	97,6	99,0	97,4	98,6	98,3	98

Punktlegheit målt på om avgang blir gjennomført innanfor 15 minutt frå den oppsette tida. Regularitet målt på om den planlagde avgangen blir gjennomført.

Tilkomst

Avinor har lagt universell utforming til grunn ved nybyggingar og ombyggingar ved lufthamnene.

Avinor overtok 1. juli 2008 ansvaret for assistansetenester ved lufthamnene frå flyselskapa. Samferdselsdepartementet tek sikte på å vedta kvalitetskrav til tenestene i ei forskrift om rettane til funksjonshemma og rørslehemma i samband med lufttransport. Assistansetenesta omfattar reisande med redusert mobilitet, det vil seie rørslehemma, orienteringshemma og miljøhemma. Avinor utfører om lag 150 000 assistansar årleg ved lufthamnene sine. Tenesta gjeld frå den reisande kjem til flyplassen til vedkommande er om bord i flyet.

Passasjerundersøkingar

Avinor deltek i den internasjonale undersøkinga ASQ (Airport Service Quality) saman med meir enn 200 lufthamner over heile verda, med om lag halvparten i Europa. 16 av dei store og regionale lufthamnene i Avinor er omfatta av undersøkinga. Undersøkinga måler alle prosessar som passasjerane må igjennom frå dei kjem til flyplassen til dei forlèt han, det vil seie tilbringartilbod, parkering, innsjekk, passkontroll, tryggleikskontroll, miljø, passasjerfasilitetar, servicenivå og atmosfære.

Undersøkingane viser at utviklinga dei siste fire åra har vore svakt positiv for nokre av lufthamnene, mens dei fleste er på same nivå. Dette viser at det er eit forbedringspotensial på dei fleste Avinor-lufthamnene som er med i undersøkinga. Berre nokre få av Avinor-lufthamnene blir rangerte innanfor den beste tredjedelen i Europa. Undersøkingane gir grunnlag for å prioritere oppfølgingstiltak ved lufthamnene.

Samfunn og miljø

Miljø og klima

Miljøarbeid er ein del av samfunnsansvaret til Avinor, og selskapet driv eit systematisk og kontinuerleg forbedringsarbeid. Avinor og Oslo Lufthavn gir ut eigne miljørapportar. Avinor registrerer mellom anna forbruk av flyavisingsvæske og baneavisingskemikaliar. Klimatiske forhold og trafikkvolum er styrande for kjemikalieforbruket ved lufthamnene.

Riksrevisjonen peikte i Dokument 3:2 (2009–2010) på manglande utsleppsløyve for nokre av lufthamnene til Avinor. Alle Avinor-lufthamnene har no gyldige utsleppsløyve.

Avinor utarbeider årlege klimagassrekneskap. I tillegg til å gjennomføre utslippsreduse-

rande tiltak i eiga verksemd, investerer Avinor i utslippsrettar gjennom FN's grøne utviklingsmekanisme.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at støyplaga frå luftfart har gått ned med nærmare 12 prosent på landsbasis i perioden 1999–2007. Flystøynivået ved Oslo lufthamn, Gardermoen, er redusert, sjølv om flytrafikken har auka. Ny forskrift om støyførebygging tok til å gjelde i 2011.

Avinor har i 2010 og 2011 kartlagt miljøstatus og risiko for forureining ved lufthamnene, og selskapet arbeider med å redusere risikoen for skadelege utslepp. Kartlegginga har påvist utslepp av PFOS (perfluoroktylsulfonat) frå brannskum som tidlegare har blitt brukt ved lufthamnene. Avinor fasa ut brannskum med PFOS i 2001, mens det blei forbode i Noreg i 2007. Frå desember 2012 blir det ikkje brukt brannskum med fluorbindingar ved nokon av lufthamnene til Avinor.

Oslo ASAP

I 2011 blei eit nytt trafikkreguleringssystem for austlandsområdet (Oslo ASAP) sett i drift. Det nye systemet skal medverke til å auke kapasiteten ved Oslo lufthamn, Gardermoen, og vil på lengre sikt kunne auke talet på flyrørsler frå 65 til 90–95 per time. I tillegg skal systemet bidra til å redusere drivstofforbruk og utslepp samstundes som Avinor framleis oppfyller dei støyførebyggjande føresegnene.

Det nye systemet for kontroll med innflygingar til Oslo lufthamn, Gardermoen, er utvikla i samarbeid med EUROCONTROL. Ei tilsvarende omlegging er planlagt for fleire store lufthamner i Europa. Avinor planlegg innan to til fem år å innføre eit revidert innflygingssystem som vil redusere flydistanse, utslepp og flystøy ytterlegare.

Avinors organisasjon

Ved årsskiftet 2011–2012 hadde Avinor 3077 fast tilsette. Faste og mellombels tilsette utførte tilsamen 3149 årsverk. Tal for tilsette og utførte årsverk i Avinor blir lagde fram årleg i årsmeldinga til selskapet. Målt over perioden 2007–2011 har talet på fast tilsette i Avinor auka med om lag åtte prosent, mens talet på årsverk har auka med om lag 12 prosent.

Medarbeidarundersøkingar viser ei positiv utvikling i samarbeidsforholda i bedrifta i 2011. Sjukefråværet er minkande, frå 4,9 prosent i 2010 til 4,6 prosent i 2011. Dette er lågt samanlikna med bedrifter med tilsvarende turnus og fysisk belastande yrke. Overtidsbruken totalt held fram

å minke, men det er stor variasjon mellom einingane. Innanfor flysikring blei forholda utfordrande i 2012, og selskapet sette i verk tiltak for å betre situasjonen.

Dei tilsette i Avinor er medlemmar av Statens pensjonskasse og har ytingsbasert tenestepensjonsordning som gir ei avtalt pensjonsutbetaling ved pensjonsalder.

Rapportering om saker i tilknytning til eigarstyringa til Samferdselsdepartementet

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar er ein integrert del av strategiplanarbeidet i Avinor. Selskapet rapporterer om samfunnsansvar i årsrapporten frå styret og i § 10-planen frå selskapet. I tillegg held departementet eit årleg møte med selskapet om samfunnsansvar. Avinor har følgd opp og rapportert om ei rekkje punkt på samfunnsansvarsområdet, mellom anna om miljø, etiske retningslinjer, habilitet, korrupsjon og varsling, forskning, utvikling, innovasjon og kompetansebygging, personale og organisasjon, HMS og samfunnstryggleik. Selskapet arbeider aktivt for å vere ei føregangsvirksomheit i tråd med at Regjeringa ventar at statleg eigde selskap tek samfunnsansvar.

Leiarlønnspolitik

Avinor legg kvart år fram ei oversikt over lønn og godtgjersler til kvar av dei leiande tilsette i selskapet i årsrapporten, i samsvar med Regjeringa sine retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011). Styret legg òg fram ei erklæring om lønn og godtgjersle til leiande tilsette i årsmeldinga.

Målbruk

Avinor definerer kunderetta informasjon som informasjon retta mot flypassasjerane. Avinor vil utarbeide minst 25 prosent av slik informasjon i kvar målform. Lufthamnene følgjer som hovudprisnipp målforma som er gjeldande i vertskommunen. Nokre større lufthamner følgjer prinsippet om å nytte målforma til fleirtalet av kommunane i området som lufthamna dekkjer. Svarbrev til kundar blir gitt på den målforma kunden har brukt.

4.2 Vurderingane til Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet meiner at Avinor i all hovudsak har oppfylt samfunnsoppdraget og dei samfunnsplåagde oppgåvene på ein tilfredsstillande måte i perioden 2007–2011. Selskapet har medverka til å auke flytryggleiken både gjennom å utvikle ein open rapporterings- og tryggleikskultur og gjennom tryggleiksinvesteringar.

Avinor rapporterer halvårleg til Samferdselsdepartementet om samfunnstryggleik og beredskap, og departementet vil peike på at selskapet deltek i fora, øvingar og prosjekt innan sitt ansvarsområde.

Avinor har kome gjennom ein periode med negativ utvikling i marknaden i 2008–2009 og er tilbake med gode resultat. Departementet meiner det er positivt at selskapet i perioden har gjennomført eit resultatforbetringsprogram med eit resultat på 342 millionar kroner. Kostnadsveksten og det faktum at driftskostnadene, medrekna avsetjingar, aukar meir enn driftsinntektene, gir likevel grunn til uro. Blant dei sentrale kostnadsdrivarane dei siste fem åra er det nemnt fleire regulatoriske endringar som selskapet ikkje sjølv har kunna påverke. Det er viktig at Avinor framleis arbeider med å forbetre resultatene.

Samferdselsdepartementet ser det som positivt at Avinor måler tenestekvalitet og kundetilfredsheit, og at selskapet arbeider for å nå dei oppsette måla.

Departementet har merka seg at Avinor har integrert samfunnsansvar i strategiplanarbeidet sitt, og at selskapet har rapportert i samsvar med Meld. St. 13 (2010–2011) *Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi*.

Departementet har òg merka seg rapporteringa om lønn og godtgjersler til dei leiande tilsette. Statlege verksemdar skal ha leiarløningar som er konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap. For departementet er det viktig at Avinor bidreg til å moderere leiarløningane.

Departementet legg vidare til grunn at Avinor følgjer ein målbrukspraksis i tråd med vedtektene for selskapet.

5 Planane og strategiane til Avinor

Dette kapittelet gjer greie for planane til Avinor. § 10-planen til selskapet omfattar perioden 2012 - 2014. Investeringsplanen er trekt fram til 2017. Kommenterarar frå Samferdselsdepartementet følgjer til slutt i kapittelet.

Hovudmåla til Avinor er lista opp i § 10-planen. Måla er retta inn mot flyselskapa, passasjerane og samfunnet. Flyselskapa er direkte kundar av Avinor og bidreg med meir enn 50 prosent av inntektene. Andre kundar er mellom anna Forsvaret og flyplassane utanfor Avinor. Avinor vil òg leggje meir vekt på passasjerane og ta større ansvar for denne målgruppa. Avinor er definert som eit selskap med sektorpolitiske mål og ser det som ei hovudoppgåve å løyse samfunnsoppgåvene sine i samarbeid med styresmakter, regionar og næringsliv. Miljø er òg ein viktig del av dette ansvaret.

Trafikkveksten legg eit økonomisk grunnlag for at Avinor skal kunne utføre dei samfunnsplålagde oppgåvene sine, men utløyser samstundes behov for nye investeringar. Utviklinga i internasjonalt regelverk og samarbeid, særleg gjennom det felles europeiske luftrommet innan EU, vil verke inn på organiseringa og drifta av selskapet. Planar for organiseringa av flysikringstenesta blir behandla nærmare i kapittel 6 og finansiering av Avinor i kapittel 7.

5.1 Tryggleik

Avinor har som mål å medverke til å halde oppe eit høgt tryggleiksnivå i norsk luftfart. Tryggleikstiltak som gir størst gevinst i forhold til ressursinnsatsen, blir prioriterte. Avinor vil delta i internasjonalt samarbeid for å medverke til løysingar som er tilpassa norske forhold. Når det blir innført tryggleikstiltak, vil Avinor leggje vekt på auka kostnads-effektivitet og høgare servicenivå. Selskapet skal òg ha spisskompetanse på område med særlege utfordringar i Noreg, til dømes vinterdrift.

Bakketenesta (plass, brann- og redningstenesta) er avgjerande for å få ei effektiv og sikker trafikkavvikling. Utfordringane framover er mellom anna knytte til kompetanse og opplæring, oppfølging av regelverk, teknisk utstyr og køyretøy.

Tryggleikskontroll

Ein smidig tryggleikskontroll er viktig for passasjerane. Avinor vil halde fram arbeidet med å forenkle kontrollen både for dei reisande og for dei tilsette ved lufthamnene og i flyselskapa. Eit anna satsingsområde er kvalitetstesting av tryggleikskontrollen. Avinor arbeider med å optimalisere gjennomstrøyminga i tryggleikskontrollen, men reknar med at avgjerande endringar og effektivisering av tryggleikskontrollen under eksisterande regelverk i stor grad må basere seg på ny teknologi.

Det er viktig for Avinor å finne løysingar på tryggleikskontroll som gir minimalt stress for dei som blir kontrollerte, lite eller inga opphoping på gjennomstrøymingspunkta og nødvendig tryggleik. Avinor deltek òg i eit europeisk samarbeid for å utvikle ein meir effektiv og føreseieleg tryggleikskontroll.

Samfunnstryggleik og beredskap

Avinor prioriterer arbeid med risiko- og sårbarheitsanalysar for kontrollsentralane i flysikringstenesta med særleg vekt på reserveløysingar og høvet til å yte eit kontinuerleg tenestetilbod. Leigde linjer som ikkje er tistrekkeleg robuste og ulikt utstyr ved kontrollsentralane gjer dei ein-skilde kontrollsentralane sårbare. Avinor arbeider derfor for å gjere systema kompatible og skaffe større overføringskapasitet mellom sentralane.

5.2 Økonomi

Den økonomiske utviklinga til Avinor heng tett saman med utviklinga i flytrafikken. Trafikkprognosane til selskapet, jf. kapittel 3.1, viser at ein må rekne med vekst i passasjeretalet dei neste åra. Dette fører til auka inntekter for Avinor, men utløyser samstundes behov for investeringar i ny kapasitet dei nærmaste åra. Avinor planlegg ein årleg kostnadsvekst som er lågare enn den årlege inntektsveksten, slik at konsernet vil ha ei positiv resultatutvikling i planperioden. Avinor ventar

vekst i driftsinntektene til konsernet som følgje av trafikkveksten og auka inntekter per passasjer gjennom at utviklinga av kommersielle tenester og tilbud ved lufthamnene held fram. Konsernet vil likevel ha ei forventna kostnadsutvikling som er høgare enn den berekna lønns- og KPI-veksten. Årsaka til dette er at store utbyggingsprosjekt vil bli gjennomførte parallelt med ei trafikkavvikling nær full kapasitet ved dei store lufthamnene.

Investeringar

Avinor er organisert som eit aksjeselskap, og det er styret og leiinga i Avinor som er ansvarlege for å prioritere investeringane til selskapet innanfor gjeldande finansielle rammevilkår. Selskapet utarbeider årleg ein langsiktig investeringsplan og ein finansiell verksemdsplan. Avinor legg desse hovudprinsippa til grunn for investeringsplanlegginga:


- Investeringsporteføljen skal ha ein positiv noverdi.
- På dei bedriftsøkonomisk lønnsame lufthamnene prioriterer Avinor investeringar som sikrar nok kapasitet på fly- og landside, og tiltak som aukar dei kommersielle inntektene.
- For lokale og regionale lufthamner prioriterer selskapet investeringar for å halde lufthamnettet på eit tilfredsstillande og differensiert tenestnivå (kostnadseffektiv drift).
- For Flysikringsdivisjonen prioriterer Avinor investeringar for å tilpasse verksemda til eit felles europeisk luftrom, medrekna harmoniserte tekniske og operative krav. Vidare prioriterer Avinor på dette området ny teknologi og tiltak for å oppnå resultatforbetring.

Etter omfattande flytryggleikstiltak på heile lufthamnettet dei seinare åra er Avinor no inne i ein periode der kapasitetsutvidingar ved dei største lufthamnene må prioriterast. I perioden 2013–2017 utgjer det samla investeringsbehovet 20,6 milliardar kroner. Avinor har planlagt å gjennomføre fleire store tiltak tidleg i perioden.

Dei største kapasitetsrelaterte investeringane i perioden er planlagde ved Oslo lufthamn, Gardermoen; Bergen lufthamn, Flesland; Trondheim lufthamn, Værnes, og Stavanger lufthamn, Sola. Investeringane er i hovudsak knytte til utbygging av auka terminalkapasitet for å møte den venta trafikkveksten. Det er ei utfordring for selskapet at behovet for auka kapasitet ved dei to største og mest lønnsame lufthamnene i landet (Gardermoen og Flesland) fell saman i tid.

På Oslo lufthamn, Gardermoen, er arbeidet med ny terminal 2 sett i gang, og første fase av arbeidet skal vere ferdigstilt i 2017. Ny terminal 3 ved Bergen lufthamn, Flesland, skal òg etter planen stå klar i 2017.

Avinor har vidare planlagt større investeringar ved Kristiansund lufthamn, Kvernberget; Kristiansand lufthamn, Kjevik, og Ålesund lufthamn, Vigra. Avinor har lagt opp til å forlengje rullebanane ved Sandnessjøen lufthamn, Stokka, og Stokmarknes lufthamn, Skagen, i 2014. Utvidinga av terminalen ved Tromsø lufthamn, Langnes, er planlagt i 2019–2021. Det ligg også føre planar om ei forlenging av rullebanen ved Kirkenes lufthamn, Høybuktmoen, jf. omtale i NTP. Ved dei andre lufthamnene skal det gjennomførast tiltak som er nødvendige for å vareta den eksisterande infrastrukturen.



Figur 5.1 Årlege investeringar i 2007 – 2012 og prognose 2013–2023 (millionar kroner)

På flysikringsområdet er det planlagt investeringar for 900 millionar kroner i perioden 2014–2017. Flysikringstenesta står overfor utfordringar som følgje av at EU etablerer eit felles europeisk luftrom. For å medverke til ei meir effektiv avvikling av flytrafikken over Europa gjennom det felles europeiske luftrommet må Avinor å investere i ny teknologi for lufttrafikkenesta fram mot 2017. I perioden etter 2017 føreset investeringsplanen ytterlegare investeringar i kjernesystema for lufttrafikkenesta i tillegg til fornying av teknologi innanfor kommunikasjon, navigasjon og overvaking.

Avinor har varsla at selskapet ikkje vil vere i stand til å finansiere alle dei planlagde investeringane innanfor gjeldande rammevilkår. Sjå kap. 7.4 om finansiering av Avinor.

Lufthamnstruktur og nye flyplassprosjekt

I tilknytning til forarbeida til Nasjonal transportplan 2014–2023 gjennomførte Avinor ei kartlegging og utgreiing av ei rekkje lokale initiativ til å endre lufthamnstrukturen. Tiltrådingane frå Avinor er behandla i Meld. St. 26 (2012-2013) *Nasjonal transportplan 2014-2023*.

På Helgeland er det foreslått å byggje ei ny og større lufthamn ved Mo i Rana for å erstatte lufthamnene Mo i Rana lufthamn, Røssvoll, og Mosjøen lufthamn, Kjærstad. Regjeringa er positiv til initiativet til å byggje ei ny lufthamn på Helgeland og vil arbeide vidare med regionalpolitiske avklaringar og ei breiare vurdering av dei regionale konsekvensane ved ei eventuell endring av lufthamnstrukturen.

I Lofoten er det òg foreslått å byggje ei ny større lufthamn, samstundes som Leknes lufthamn og Svolvær lufthamn, Helle, blir lagde ned. Samferdselsdepartementet har i Nasjonal transportplan 2014-2023 lagt opp til å vente på nødvendig utgreiing, avklaring og dialog med lokale styresmakter før departementet eventuelt går vidare med prosjektet.

Avinor vil vidareføre arbeidet med å greie ut to moglege lokalitetar for ei ny lufthamn ved Hammerfest. I tillegg skal Avinor vurdere arealreservar ved dagens lufthamn i Hammerfest. Regjeringa vil kome attende til spørsmålet om framtidig lufthamnløsning for Hammerfest når det ligg føre tilstrekkeleg grunnlag for avgjerd.

Trafikkprognosar viser at det vil bli behov for ein tredje rullebane ved Oslo lufthamn, Gardermoen, innan 2030. Ved behandlinga av Nasjonal transportplan 2010-2019, jf. St.meld. nr. 16 (2008-2009) og Innst. S. nr. 300 (2008-2009), er det

bestemt at det skal bandleggjast eit areal til ein eventuell tredje rullebane. Samferdselsdepartementet arbeider med den vidare bandleggingsprosessen. Ved Stavanger lufthamn, Sola, vil Avinor vurdere kapasiteten i banesystemet. Det kan bli nødvendig å byggje ein ny parallell rullebane for å gi plass til ei terminalutviding, og for å sikre auka kapasitet i takt med trafikktutviklinga. Det kan òg bli behov for ein rullebane nummer to ved Bergen lufthamn, Flesland, omkring år 2025. Det er ikkje vedteke om det skal byggjast nye rullebanar. Om Regjeringa seinare kjem til at det blir nødvendig å byggje nye rullebanar, vil det bli ei grundig konsekvensbehandling som mellom anna vil omfatte høyring av kommunane som blir påverka.

Omstrukturering av Luftforsvaret og konsekvensar for sivil luftfart

Avinor og Forsvaret har eit strategisk og operativt samarbeid som omfattar både lufthamndrift og bruk av luftrommet.

Kampflybasen vil bli flytta frå Bodø til Ørland, og den militære lufthamndrifta ved Bodø vil bli lagd ned. Forsvaret skal i denne samanhengen etablere ein framskoten base på Harstad/Narvik lufthamn, Evenes. Forsvaret ser òg på alternative løysingar for lufthamnene på Bardufoss og Andøya.

Omstruktureringa av Forsvaret og lokalisering av ny kampflybase vil få økonomiske konsekvensar for Avinor. Det ligg ikkje føre noka totalvurdering av kostnadene, og dei økonomiske konsekvensane er ikkje inkluderte i dei finansielle planane til Avinor. I Nasjonal transportplan 2014–2023 er det lagt opp til å starte ein prosess for å få på plass ei langsiktig løysing for sivil luftfart i Bodø.

5.3 Kundane til Avinor

Flyselskapa er dei største direktekundane til Avinor og bidreg med meir enn 50 prosent av inntektene til selskapet. Andre sentrale kundar er Forsvaret og flyplassane utanfor Avinor, som Avinor mellom anna leverer flysikringstenester til. Avinor har som strategiske mål å utvikle ein konkurransedyktig prisstruktur og vere den føretrekte leverandøren av tenester til Forsvaret og eksterne lufthammer.

Forventa passasjervekst dei neste åra vil føre til utfordringar knytte til kapasitet og service, men gir òg grunnlag for økonomisk vekst. Det er eit mål for Avinor at passasjerane skal oppleve reisa som smidig og god, og Avinor har som strategi å

ta initiativ til nye tiltak på dette området. Avinor ser behov for å ta større ansvar for passasjerane i samarbeid med flyselskapa.

Punktlegheit, effektivitet og service

Avinor har eit internt mål om å vere blant den beste tredjedelen i Europa når det gjeld punktlegheit, effektivitet og service. Målet er å halde oppe den høge punktlegheita og forbetre områda der resultat ikkje er tilfredsstillande. Avinor har etablert faste konsultasjonsordningar med kundar og samarbeidspartnarar. Selskapet vil mellom anna halde fram samarbeidet med flyselskapa for å betre punktlegheita, gjennomføre eit meir effektivt driftskonsept ved dei lokale lufthamnene og initiere nye tiltak for at passasjerane skal oppleve reisa som smidig og god. Avinors interne målsettingar for punktlegheit (88 prosent) og regularitet (98 prosent) ved lufthamnene skal framleis gjelde.

Samarbeidsavtalar

Avinor har inngått ein samarbeidsavtale med dei tre største flyselskapa om kvalitet på lufthamntenester. Målet med avtalen er å fastleggje krav til kvalitet på fem nærmare definerte lufthamntenester, og dessutan å regulere konsekvensar ved avvik i tenestetilbodet. Avtalen skal styrkje samarbeidet mellom lufthamnene og flyselskapa for å oppnå betre kvalitet for passasjerane. Avtalen er i ein prøveperiode fram til og med april 2013. Det er ingen økonomiske insentiv i prøveperioden. Avinor og flyselskapa vurderer å inngå ein ny avtale med økonomiske insentiv når prøveperioden går ut.

Flyselskapa og Avinor forhandlar vidare om ein samarbeidsavtale med økonomiske insentiv for flysikringstenesta, som skal vere klar i juni 2013.

Det er elles inngått ein samarbeidsavtale mellom Avinor og Forsvaret, jf. omtale i kapittel 2.

Passasjerundersøkingar

Avinor gjennomfører undersøkingar av kvaliteten på tilbodet av tenester til passasjerane ved lufthamnene. Desse undersøkingane blir gjennomførte kvartalsvis for Oslo lufthamn, Gardermoen, to gonger årleg for ni av Avinor-lufthamnene og ein gong årleg for ytterlegare seks lufthamner.

Tilkomst

Avinor legg vekt på at lufthamnane skal planleggjast og byggjast med universell utforming, slik at for-

holda blir lagde til rette for personar med redusert mobilitet. Utforminga blir vurdert i nært samarbeid med organisasjonane på området.

Det vil vere ulik standard ved lufthamnene. Ved dei aller fleste Avinor-lufthamnene vil det framleis ikkje vere aktuelt med passasjerbruer mellom terminalen og flyet. Avinor testar for tida ut nye løfte- og heiseinnretningar mellom fly og bakkeplan.

Regional eigedomsutvikling

Avinor har sidan tidleg på 2000-talet gjennomført fleire kommersielle eigedomsprosjekt knytte til kjerneverksemda og i geografisk nærleik til lufthamnene. Avinor har på denne måten lagt til rette for servicetilbod som lufthamnkundane etterspør, til dømes parkering, hotell og konferansefasilitetar. Strategien for desse initiativa har vore å behalde eigarskapen til sentrale eigedommar tett opp til luftfartsverksemda, mens drifta har vore konkurranseutsett til profesjonelle aktørar. Utover finansielle overskot, som fortløpande blir førte over til den operative lufthamndrifta, har dette òg medverka til å auke den finansielle verdien i konsernet.

Avinor har høve til bedriftsøkonomisk lønnsam utvikling innanfor den eksisterande eigedomsportefølja og i nye prosjekt. Dagens flyplasshotell på Gardermoen, Flesland og Sola blir drivne nær kapasitetsgrensa, og utvidingar av hotella er etterspurte. Det er vidare behov for å utvide parkeringskapasiteten ved fleire lufthamner. Utover utviding av eksisterande bygningsmasse har Avinor grunnareal nær lufthamnene som kan leggast til rette for kontor for internasjonalt orienterte verksemdar og verksemdar med utstrekkt bruk av flyfrakt. Slik Avinor vurderer det, vil denne typen verksemd falle inn under § 3 i vedtektene om at selskapet i størst mogleg grad skal vere sjølvfinansiert gjennom inntekter frå hovudverksemda og anna forretningsverksemd i tilknytning til lufthamnene.

Avinor er merksam på at eigedomsverksemda i prinsippet kan kome i konkurranse med lokale eller nasjonale eigedomsutviklarar. Avinor vurderer likevel at eigedomsutviklinga medverkar til å gjere lufthamna meir attraktiv som kollektivknutepunkt og i staden styrkjer det regionale næringslivet. Avinor meiner at ein slik aktivitet òg er ein del av samfunnsoppdraget til selskapet. Avinor legg til grunn at den gjennomsnittlege totalkapitalavkastninga på denne typen utviklingsportefølje bør vere på 10–15 prosent. Hotellengasjementet

har til no gitt total Kapitalavkastning på dette nivået.

5.4 Internasjonalisering av flyplassar

Avinor viser til at det internasjonalt har blitt vanlegare at lufthamner heilt eller delvis blir privatiserte. Dette gjer det mogleg å kjøpe lufthamner (heilt eller delvis) som ei finansiell investering og å inngå ulike former for samarbeidsavtalar om drift og utvikling av lufthamner.

Avinor ønskjer å vurdere om det kan vere strategisk viktig å delta i denne marknaden, og om dette forretningsområdet kan styrkje konsernet si evne til å løyse samfunnsoppdraget. Selskapet peiker på at ei sterkare internasjonalisering vil kunne gi auka kompetanse og større konkurransekraft gjennom deltaking i fleire marknadssegment. Samstundes er Avinor merksam på at det vil vere krevjande å byggje opp ein internasjonal organisasjon.

Avinor viser til at dersom Samferdselsdepartementet opnar for dette, vil konkrete initiativ i første omgang vere knytte til konsulenttenester og eventuelt konkurranse om driftsoppdrag eller kommersielle avtalar. Selskapet vil òg vurdere om det er mogleg å kombinere forretningsutvikling med internasjonalt bistandsarbeid.

5.5 Samfunn og miljø

Plansamarbeid

Avinor deltek i arbeidet med Nasjonal transportplan saman med dei statlege transportetatane og arbeider for tverrsektorielle løysingar på transport- og infrastrukturutfordringane.

Lokalt samarbeider Avinor med kommunale og regionale styresmakter i arbeidet med masterplanar ved lufthamnene og konkrete utbyggingstiltak. Avinor ser eit aukande behov for å samordne den kommunale og regionale planlegginga, mellom anna i samband med kapasitetsutvidingar og varetaking av miljøomsyn i tilbringartransporten til lufthamnene. Avinor ønskjer ut frå dette å utvikle eit meir strukturert samarbeid med regionale styresmakter og vil derfor ta initiativ til å etablere eit samarbeidsforum på nasjonalt nivå.

Miljø

Avinor har som mål å vere ein pådrivar i å forbetre miljøprestasjonane til luftfarten. Selskapet har i 2011 leidd eit samarbeidsprosjekt med den

samla luftfartsnæringa i Noreg for å utvikle tiltak som reduserer klimapåverknaden frå luftfarten.

Klima

Ein rapport om berekraftig og samfunnsnyttig luftfart frå 2011 viser at dei totale klimautsleppa frå norsk luftfart vil kunne stabiliserast fram mot 2025. Utsleppa frå innanriks sivil luftfart vil gå ned, mens utsleppa frå utanrikstrafikken vil auke noko på grunn av meir trafikk.

Avinor vil arbeide for å redusere innverknaden klimaendringar kan få på luftfartsinfrastrukturen. Vidare vil selskapet kartleggje kor sårbare tilbringarsystema til lufthamnene er.

Luftfartsnæringa i Noreg har teke initiativ til ei omfattande utgreiing om berekraftig biodrivstoff til luftfartsformål i Noreg. Arbeidet blir leidd av Avinor.

Forureining

Avinor har kartlagt miljøstatus og risiko for forureining ved alle lufthamnene i selskapet, jf. kapittel 4. Avinor vil følgje opp risikoanalysane med utgreiingar og tiltak for å sikre både at drifta oppfyller forureiningslova med tilhøyrande forskrifter, og utsleppsløyva som er gitt. Oppfølginga av risikoanalysane skal vere avslutta innan 2015. Avinor vil utarbeide eigne tiltaksplanar for å handtere forureining ved kvar einskilt lufthamn. Her blir òg forureiningar frå fluorstoff som var tilsett i brannskum, handterte.

Flystøy

Avinor-lufthamnene oppfyller i dag alle krav i gjeldande regelverk om flystøy. Blant viktige tiltak i tida framover nemner Avinor innføring av eit system for å registrere kva for traséar fly faktisk følger ved dei største lufthamnene, støykartleggingar med tilhøyrande tiltaksplanar ved Værnes, Flesland og Sola (ferdigstilt i 2012), utprøving av kurvande innflyging på Oslo lufthamn, Gardermoen, og dessutan støyisolering.

Kollektivdel

Det er eit politisk mål å auke kollektivdelen i tilbringartransporten til lufthamnene. Avinor har fastsett nye, høgare interne mål for kollektivdelen i tilbringartransporten til dei store lufthamnene i selskapet fram mot 2020. Tabell 5.1 viser transportmiddelfordelinga i prosent ved dei største lufthamnene i 2007 og 2009 og Avinors mål for 2020.

Tabell 5.1 Kollektivdel (buss og tog) i tilbringartransporten (2007 og 2009) og mål for kollektivdelen (2020) (prosent)

	Kollektivdel		Mål
	2007	2009	2020
Oslo	61	65	70
Stavanger	10	14	30
Bergen	22	26	32
Trondheim	43	42	60

Kjelde: Transportøkonomisk institutt

Saman med Transportøkonomisk institutt har Avinor i 2011 og 2012 gjennomført eit utgreiingsprosjekt, der formålet har vore å auke kollektivdelen i reisene til Avinors lufthamner, både for passasjerar og tilsette. Sentrale verkemiddel for å oppnå høgare kollektivdel ligg utanfor verksemda til Avinor. Fleire lufthamner har derfor etablert samarbeidsgrupper med representantar frå kommunen, Statens vegvesen, fylkeskommunen og bussoperatørar for å samordne tiltaka.

Globalisering og utvikling av reiselivet i Noreg

I 2011 blei det gjennomført eit utgreiingsprosjekt ved Transportøkonomisk institutt, på oppdrag for Avinor, om kva luftfarten har hatt å seie for globaliseringa. Godstransport med fly har blitt stadig viktigare dei siste åra, spesielt frakt av fersk laks til marknader i Asia og USA. Fleire nye interkontinentale ruter frå Noreg vil kunne gi fordelar for norsk næringsliv i form av meir direkte ruteføring, og Avinor arbeider for å realisere fleire interkontinentale direktesamband frå Noreg gjennom marknadsundersøkingar, insentivordningar og marknadsføring overfor flyselskapa.

Vidare arbeider Avinor langsiktig saman med mellom anna Innovasjon Noreg og ulike reiselivsaktørar og destinasjonar for å sette Noreg tydelegare på kartet som reisemål og for å auke trafikken og etablere nye ruter ved norske lufthamner.

I Nord-Noreg har elles Avinor etablert «Northern Lights Airports» som varemerke for dei største lufthamnene. Avinor støttar òg arbeidet med charterfond for Nord-Noreg under leiing av NHO Reiseliv Nord-Norge.

Nordområda

Ein særskild gjennomgang av transportinfrastrukturen i nordområda har inngått i Avinors arbeid med NTP for 2014–2023. Avinor viser til at det er viktig å utvikle Tromsø lufthamn, Langnes, som knutepunkt for reiselivet i tillegg til å avklare moglegheitene for større lufthamner i vekstregionane Helgeland, Lofoten og Hammerfest.

Avinor er i ferd med å utarbeide ein eigen strategi for nordområda. Sluttrapport frå arbeidet skal leggjast fram ved utgangen av 2013.

5.6 Vurderingane til Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet meiner at Avinor har sett gode strategiske hovudmål for verksemda. Departementet føreset at dei tiltaka selskapet sett i verk, er i tråd med selskapets formål.

Tryggleik

Regjeringa har som visjon at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller alvorleg skadde i transportsektoren. Samferdselsdepartementet understrekar at arbeidet med å forbetre flytryggleiken må prioriterast kontinuerleg for at ein heile tida skal kome nærmare nullvisjonen på luftfartsområdet.

Det er viktig at tryggleikskontrollane ved lufthamnene blir gjennomførte mest mogleg kostnadseffektivt og til minst mogleg ulempe for passasjerane og dei tilsette i luftfarten.

Samferdselsdepartementet understrekar at Avinor må prioritere arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap og sjå dette arbeidet i samheng med føringar i Meld. St. 26 (2012-2013) Nasjonal transportplan 2014-2023 og departementets *Strategi for samfunnssikkerhet og beredskap i samferdselssektoren*. Gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalysar, arbeid med kriseplanverk og øvingar er viktige føresetnader for Avinors arbeid med samfunnstryggleik og beredskap ved lufthamnene og på flysikringsområdet.

Departementet legg vidare til grunn at Avinor skal halde fram med deltakinga i fora knytte til samfunnstryggleik og beredskap, så som *Sikkerhetsrådet for luftfarten*, *Etatsgruppe vulkansk aske* (EVA) og departementets halvårlege kontaktmøte om samferdselsberedskap. Avinor skal halde fram med aktiv deltaking i prosjekt og analysar initiert av Samferdselsdepartementet. Avinor skal mellom anna følgje opp resultatane frå prosjektet *Analyse av sårbarhet og risiko innen samferdsel*

– *kartlegging av kritiske objekter* (SAMROS II, 2013). Prosjektet har som overordna mål å gjere dei mest kritiske objekta i samferdselssektoren meir robuste.

Økonomi

Avinor har lagt til grunn ein periode med vekst i flytrafikken og driftsresultatet. Men selskapet har òg lagt opp til eit høgt investeringsnivå. Styret er ansvarleg for vurdering og prioritering av selskaps investeringar innanfor gjeldande finansielle rammevilkår. Regjeringa har ikkje vurdert eller teke stilling til dei einiskilde konkrete investeringsprosjekta og/eller tidspunkt for gjennomføring av desse. Eventuell regulering frå styresmaktene av utbyggingsprosjekta vil bli behandla i samband med kvart einiskilt prosjekt. Sjå nærmare vurderingar av økonomien til Avinor og finansielle spørsmål i kapittel 7.

Regjeringa er positiv til at Avinor planlegg vidare med sikte på ei investering i ei ny lufthamn på Helgeland i Mo i Rana. Regjeringa legg til grunn at selskapet vil bli tilført midlar for å kunne gjennomføre investeringa.

Regjeringa er òg positiv til at Avinor planlegg vidare med sikte på etablering av ei ny lufthamn i Hammerfest. Det er behov for ytterlegare utgreiingar for å klargjere lokaliseringsspørsmålet. Regjeringa legg til grunn at selskapet vil bli tilført midlar for å kunne gjennomføre investeringa.

Når det gjeld planar for ei framtidig lufthamn-løysing i Lofoten, er det behov for ytterlegare utgreiingar.

For Bodø lufthamn skal det startast opp ein prosess for å få på plass ei langsiktig løysing for sivil luftfart i Bodø.

Kundar og passasjerar

Det er viktig at Avinor følgjer opp passasjerundersøkingane og arbeider for å forbetre reiseopplevinga til passasjerane ved alle lufthamnene.

Departementet ser det som positivt at Avinor er oppteke av å forbetre punktlegheit, effektivitet og service. Avinor bør nå dei interne punktlegheits- og regularitetsmåla kvart år. Ei eventuell utviding av samarbeidsavtalane mellom Avinor og flyselskapa, der det blir lagt inn økonomiske insentiv, kan medverke til auka tenestekvalitet og vil vere positivt.

Regjeringa er oppteken av at alle skal ha lik rett til å delta i samfunnet. Samferdselsdepartementet arbeider med eit nytt regelverk som skal avklare kva for krav som skal gjelde for universell

utforming på norske flyplassar. Det er viktig at organisasjonar som representerer passasjerar med redusert mobilitet, blir trekte inn i planprosessane på eit tidleg tidspunkt ved nybygg og ombyggingar, slik at løysingane som blir valde, i størst mogleg grad kan ta omsyn til flest mogleg av dei reisande.

Regional eigedomsutvikling

Den kommersielle verksemda i tilknytning til lufthamnene, medrekna eigedomsutvikling, er ei viktig kjelde til finansieringa av Avinor og dermed til å halde oppe eit landsomfattande lufthamnett innanfor ramma av Avinor. Samferdselsdepartementet vil likevel påpeike at den kommersielle verksemda ikkje i vesentleg grad må kome i konkurranse med eller fortrenge lokalt næringsliv. Samferdselsdepartementet legg derfor til grunn at Avinor i den vidare utviklinga av den kommersielle verksemda, medrekna regional eigedomsutvikling, legg vekt på prosjekt som bidreg til å fremje den regionale utviklinga rundt lufthamnene og ikkje svekkjer det lokale næringslivet. Dette må skje i dialog med regionale og lokale styresmakter og gjennomførast i tråd med vedtekne planar for regional utvikling, slik at aktiviteten ikkje kjem i konflikt med vedtekne strategiar for mellom anna arealutvikling og transport.

Dersom Avinor ønskjer å utvide verksemda ut over den typen som selskapet driv i dag, må dette leggjast fram for Samferdselsdepartementet. Departementet har ei restriktiv haldning til utviding av Avinor sin kommersielle verksemd som ikkje støtter opp under kjerneverksemda.

Internasjonalisering av flyplassar

Samferdselsdepartementet si prinsipielle vurdering er at det ikkje er aktuelt for Avinor med utanlandsengasjement på lufthamnsida, og at Avinor bør bruke ressursane sine på å løyse utfordringane i Noreg.

Samfunn og miljø

Samferdselsdepartementet er positivt til at Avinor ønsker å medverke til betre plansamarbeid, særleg med fylkeskommunane.

Departementet vil elles vise til at det er viktig at Avinor vidarefører miljøengasjementet, og at selskapet held fram med å ha ei aktiv rolle i klimapolitikken.

Det er positivt at Avinor har teke initiativ til å kartleggje miljøstatus og risiko for forureining ved lufthamnene. Samferdselsdepartementet legg til grunn at Avinor set i verk nødvendig opprydding av forureining som er avdekt etter miljøkartlegginga.

Dei nye måla Avinor har sett for kollektivdelen ved dei store lufthamnene, vil vere viktige for å oppnå overføring av passasjerar frå bil til kollektivtransport. Måla er såleis i tråd med dei overordna transportpolitiske måla Regjeringa har sett i Nasjonal transportplan 2014–2023. Dette vil vere eit viktig bidrag til å oppnå berekraftig vekst ved desse lufthamnene.

Samferdselsdepartementet vil be Avinor vurdere å leggje særskilt til rette på lufthamnene for passasjerar som har nytta kollektive reisemiddel.

Samferdselsdepartementet er elles opptatt av at Avinor held fram arbeidet for å leggje til rette for fleire nye direkte ruter mellom utlandet og Noreg. Det bør òg leggjast vekt på å utvikle nye interkontinentale direkteruter ved Oslo lufthamn, Gardermoen. Etablering av nye ruter er viktig for næringslivet i ein open, eksportretta økonomi som den norske, og det har også mykje å seie for reiselivet som er ei viktig næring i Distrikts-Noreg.

6 Flysikringstenesta

Norske styresmakter har forplikta seg internasjonalt til å sørge for at det blir ytt flysikringstenester i norsk luftrom. Avinor har som ambisjon å vere ein leiande leverandør av flysikringstenester.

EU-programmet for organisering og regulering av eit felles europeisk luftrom (Single European Sky – SES) legg føringar for effektivisering av flysikringstenestene i Europa både gjennom internasjonalt samarbeid, krav til ytingsplanar, og gjennom å leggje til rette for konkurranse. Dei same krava blir gjorde gjeldande for Noreg gjennom EØS-avtalen. Mellom anna som følgje av dette foreslår Avinor ei ny organisering av flysikringstenesta som dotterselskap under Avinor AS.

Samferdselsdepartementet har etter at § 10-planen blei overlevert hatt dialog med Avinor om flysikringstenesta. Vedlagt meldinga følgjer eit brev frå Avinor av 12.2.2013 med meir informasjon om flysikringstenesta.

6.1 Situasjonen i dag

Flysikringstenesta er i dag organisert som ein divisjon i Avinor AS og omfattar lufttrafikktenesta, flynavigasjonstenesta og stabsfunksjonar. Flysikringstenesta har ansvar for å utøve lufttrafikkteneste i norsk luftrom til både sivile og militære operatørar. I tillegg yter flysikringstenesta lufttrafikkteneste ved kontrollerte lufthamner i Noreg. Dette inkluderer også Moss lufthamn, Rygge; Sandefjord lufthamn, Torp, og Ørlandet flystasjon, som alle er lufthamner som blir drivne av andre enn Avinor.

Samferdselsdepartementet har utpeikt Avinor som nasjonal leverandør av lufttrafikktenester i Noreg fram til 26. september 2014, jf. kapittel 3. Utpeikinga gjeld både tårntenester (terminaltenester), innflygingskontrolltenester og undervegstenesta som blir driven frå kontrollsentralane til Avinor.

6.2 Utfordringar

Avinor viser til at flysikringstenesta i selskapet står overfor utfordringar knytte til omstillingane både i reguleringa og organiseringa av marknaden for desse tenestene i Europa. EU-programmet for etablering av eit felles europeisk luftrom er i ferd med å løyse opp i dei tradisjonelle nasjonale monopola og medverkar til å utvikle nye løysingar.

Den europeiske marknaden for lokale tårntenester er i rask utvikling, og dei siste åra har fleire land opna opp for konkurranse om drift av tårntenester. Storbritannia er det landet i Europa som har lengst erfaring med eit konkurranseregime, men land som Sverige, Spania og Tyskland har òg opna opp for konkurranse på dette området. Felles krav og innbyrdes anerkjenning av kvarandre si sertifisering av tenesteytarar og flygeleiarar medverkar til å leggje til rette for at tårntenestene kan konkurranseutsetjast. Det er likevel ikkje noko krav om konkurranseutsetjing. Dersom tårntenestene ikkje blir konkurranseutsette, skal dei inn under regimet for ytingsstyring.

Ytingsregimet stiller krav om at flysikringstenestene skal ha åtskilt økonomi frå resten av verksemda i Avinor. Vidare blir det stilt krav om målbare resultat mellom anna når det gjeld effektivisering og kostnadsreduksjon, jf. kapittel 3. Dette inneber ein overgang frå eit system med kostnadsdekning til eit system med krav om effektivisering og kostnadsreduksjonar. Frå 2015 vil det bli etablert ytingsmål både for undervegstenestene og utvalde delar av terminaltenestene. For Noreg vil dette omfatte flyplassar med meir enn 70 000 flyrørsler, dvs. Gardermoen og Flesland. I tillegg til mål for EU-området og nasjonale mål vil det truleg òg bli etablert regionale mål for dei nye luftromsblokkene. For Avinor fører desse krava til behov for endring. Avinor har sett i gang fleire tiltak for å møte krava frå styresmaktene.

Etablering av den nordeuropeiske funksjonelle luftromsblokka (NEFAB), jf. kapittel 3, gir moglegheter for samarbeid og integrering mellom tenesteytarane i dei deltakande statane. Eit sentralt spørsmål er om såkalla grensekryssande tenester er ønskeleg. Samarbeidet kan på sikt

opne for at Avinor yter flysikringstenester i andre NEFAB-land, og at tenesteytarar frå desse landa yter tenester i Noreg. Dei langsiktige utviklings-trekka er usikre, men ein reknar med at det blir færre luftromsbløkkar etter kvart. Krava til integrering mellom tenesteytarane vil bli tydelegare gjennom revisjonar av lovgevingspakken.

6.3 Forslag frå Avinor om organisering av flysikringsverksemda

Styret i Avinor har i § 10-planen bedt Samferdselsdepartementet om å opne for at dagens flysikringsdivisjon kan skiljast ut som eit eige aksjeselskap, 100 prosent eigd av Avinor. Vedtaket blei gjort mot stemmene til dei fire tilsettevalde representantane i styret.

Avinor har vurdert dagens divisjonsmodell for flysikringsverksemda opp mot løysinga med dotterselskap. Eit dotterselskap vil få eigen rekneskap og eigen balanse. I følgje Avinor tydeleggjer løysinga med dotterselskap grensesnittet mellom kunde og leverandør. Vidare sikrar denne løysinga at produktiviteten og kvaliteten i selskapet er målbar på lik linje med europeiske tenesteleverandørar. Eit dotterselskap vil også få eit eige styre som i større grad kan ha kompetanse på flysikring.

I Europa er det no berre Finland, Island og Noreg som framleis har ein integrert modell der lufthamndrift og flysikringsverksemd er samla i det same selskapet. I andre land er flysikringsverksemda skild frå lufthamndrifta. Avinor meiner likevel at Noreg førebels bør halde fram med ein integrert modell. Avinor legg elles opp til at alle forretningsområda som ligg i divisjonen i dag, blir overførte til dotterselskapet. Dette er grunnleggjande at det er vanskeleg å skilje dei tre forretningsområda undervegs-, tårn- og flynavigasjonstenester frå kvarandre.

Avinor slår fast at tryggleik og driftsstabilitet alltid vil ha høgaste prioritet uavhengig av organisasjonsmodell. Ein førebels analyse viser ingen teikn på at ei omorganisering til dotterselskap gir negative konsekvensar på desse områda. Avinor har elles lagt vekt på å involvere dei tillitsvalde. § 10-planen opplyser at ei eventuell etablering av eit dotterselskap vil vere å rekne som verksemdsoverdraging og vil såleis bli omfatta av reglane i arbeidsmiljølova som skal sikre rettane og pliktene til dei tilsette i ein slik prosess. Avinor har elles opplyst at ei eventuell omdanning ikkje vil få konsekvensar for hovudavtalen eller gjeldande tariffavtalar. Dei tilsette i Avinor er medlemmer i

Statens pensjonskasse, og eit nytt aksjeselskap vil automatisk få medlemskap når selskapet er 100 prosent eigd av morselskapet.

Etableringskostnadene for eit dotterselskap ligg ifølgje Avinor i området 2-3 millionar kroner. Det vil bli gjort ein fullstendig finansiell gjennomgang ved utskilling av dotterselskap, og mellom anna vil pensjonsforpliktingar bli rekna med i selskapets opningsbalanse.

6.4 Internasjonalt engasjement og konkurranse om flysikringstenester

I § 10-planen uttrykkjer Avinor eit mål om å vere ein konkurransedyktig leverandør av flysikringstenester. Dette inneber å vere utpeikt leverandør av undervegstenester, tårn- og innflygingskontrollstenester i norsk luftrom og å ha ein leiande posisjon i NEFAB og ei framtidig utvida luftromsbløkk. Dersom tårn- og innflygingskontrollstenester ved norske lufthamner blir konkurranseutsette i framtida, har Avinor som ambisjon å delta aktivt i konkurransen. Selskapet vil gjennomføre interne effektiviseringstiltak for å vere best mogleg rusta for ein konkurransesituasjon. Dersom det i framtida blir opna for at selskapet òg kan konkurrere internasjonalt, ser Avinor for seg at fleire tenesteområde innanfor flysikring kan bli aktuelle satsingsområde.

6.5 Andre saker som gjeld flysikringstenesta

Organisering av kontrollsentralane

I brev til Samferdselsdepartementet av 12.2.2013 har Avinor gjort nærmare greie for selskapets strategiar knytte til framtidig organisering av kontrollsentralane. Avinor peiker på at dersom selskapet skal nå ambisjonen om å vere ein leiande flysikringsleverandør i framtida, er ei konsolidering av kontrollsentralane og mest mogleg effektiv drift av dei andre flygekontrolleiningane viktig.

Ny teknologi for lufttrafikktenesta

Som ein del av programmet for den framtidige organiseringa og drifta av flysikringstenesta skal Avinor anskaffe og implementere den neste generasjons teknologi for flysikringstenesta, jf. kapittel 5.2. Systema til flysikringstenesta i Avinor vil bli oppgraderte til europeisk standard, slik at selska-

pet vil vere i stand til å levere flysikringstenester i det felles europeiske luftrommet.

Fjernstyrte tårn

Avinor har sidan 2009 vore med på å utvikle eit nytt konsept for fjernoperasjon av tårntenester gjennom SESAR. For tida gjennomfører Avinor den første testinga av eit tårn på Værøy, der det blir ytt flygeinformasjonsteneste (AFIS) frå ei kontrollleining i Bodø. Avinor meiner at konseptet i stor grad kan medverke til å effektivisere drifta ved norske lufthamner.

Bemanningssituasjonen i flysikringstenesta

Avinor arbeider med å sikre ein robust bemanningssituasjon som kan handtere både vanleg drift og utviklingsoppgåver. Det har i heile perioden 2007–2012 vore for få tilgjengelege flygeleiarar i forhold til behovet. Avinor har dei siste åra utdanna så mange flygeleiarar som mogleg, men avgrensa utdanningskapasitet på einingane i Avinor der flygeleiarane skal arbeide, har vore ein flaskehals. Den første delen av flygeleiarutdanninga går i dag for seg ved University of North Dakota i USA, der Avinor har kontrakt til 2014. Avinor har planlagt å ta opp 28 nye elevar kvart år.

Kapasitetsproblema har i 2012 særleg vore merkbare ved Oslo lufthamn, Gardermoen, og ved kontrollsentralen i Røyken. Avinor har og sett i verk tiltak på kort og lengre sikt for å sikre nødvendig driftsstabilitet. Tiltaka omfattar mellom anna innleige av utanlandsk flygeleiarkapasitet, flytting av personell og gjennomgang og omlegging av ressursstyringa.

Frå 2009 har Avinor rapportert om bemanningssituasjonen til Luftfartstilsynet i tråd med vedtaket om utpeiking av Avinor som leverandør av flysikringstenester. Talet på flygeleiarar i Avinor er i ferd med å nærme seg det berekna behovet, men den siste rapporteringa frå Avinor til Luftfartstilsynet frå april 2013 viser at det også i år vil vere mangel på operative flygeleiarar. I samband med dette har Avinor opplyst til Samferdselsdepartementet at det operative behovet vil bli dekt inn med hjelp av overtid og andre tiltak, slik at flygeleiar mangelen ikkje skal påverke avviklinga av flytrafikken.

Program for betre lønsemd innanfor flysikring

Flysikringsdivisjonen har etablert eit eige lønns- og arbeidsforbetringsprogram, i POSISJON, som skal medverke til at divisjonen når ytelsesmålet som er

sett for den første referanseperioden (2012–2014) i regelverket om eit felles europeisk luftrom. Det er sett eit mål om 10,5 prosent kostnadseffektivitetsforbetring i perioden, noko som betyr ein reduksjon i kostbasen på om lag 200 millionar kroner.

6.6 Vurderingane til Samferdselsdepartementet

Tilknytingsform for flysikringsverksemda

Avinors tilknytingsform og organisering blei sist drøfta i eigarmeldinga som blei lagd fram i 2006, jf. St.meld. nr. 15 (2006–2007) og Innst. S. nr. 142 (2006–2007). I meldinga la Regjeringa til grunn at Avinor skulle halde fram som eit integrert selskap med ansvar for både lufthamner og flysikring. Det blei vidare føresett at dersom Avinor skulle ønskje å skilje ut flysikringsdivisjonen i eit eige selskap må det leggast fram for Samferdselsdepartementet.

I § 10-planen har Avinor bedt Samferdselsdepartementet om å opne for at dagens flysikringsdivisjon kan skiljast ut som eit eige dotterselskap, der Avinor AS eig alle aksjane.

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har det danske konsultentselskapet Integra A/S lagt fram ein rapport om utfordringar for departementet i rolla som eigar av Avinor som følgje av utviklinga innanfor lovgivinga for eit felles europeisk luftrom. Utgangspunktet for utgreiingsoppdraget var forslaget frå Avinor om å skilje ut flysikringsverksemda som eit dotterselskap. Integra har vurdert organiseringsspørsmålet i samheng med kva for oppgåver flysikring skal løyse. Det er her vurdert om flysikring bør utsetjast for konkurranse innanlands, og om flysikring bør få lov til å konkurrere utanlands. Det er òg gjort greie for utviklinga i Europa på flysikringsområdet.

Integra viser til at flysikringstenestene er skilde ut frå lufthamndrifta i dei fleste landa i Europa, og at det er i ferd med å utvikle seg ein marknad for flysikringstenester. Tårntenester er konkurranseutsette i fleire europeiske land. Integra peiker på at det krevst ressursar for å delta i konkurranse med dei store aktørane i Europa, at det krevst ein klar forretningsstrategi og eit konkurransedyktig kostnadsnivå. Eit anna omsyn som må varetakast ved ei eventuell konkurranseutsetjing, er nasjonale tryggleiks- og kriseomsyn, jf. at Avinor også leverer flysikringstenester til Forsvaret.

Integra har sett på ulike modellar for å organisere flysikringstenesta i Avinor. Integra peiker i stor grad på dei same argumenta for dottersel-

skapsløysinga som Avinor gjer. Å etablere flysikring som dotterselskap i Avinor vil føre til auka transparens både når det gjeld rekneskap og ressursfordeling. Dotterskapsløysinga vil òg gi betre styring av verksemnda ved at flysikring får eit eige styre med kompetanse på området. Ei mogleg ulempe kan vere at det blir eit ekstra ledd mellom Samferdselsdepartementet og flysikring, slik at flysikringsverksemnda blir distansert frå Samferdselsdepartementet. Integra viser elles til at etableringa av eit dotterselskap ikkje vil påverke Avinor-modellen når det gjeld lufthamninfrastrukturen (sjølvfinansiering og samfinansiering mellom lufthamner). Lufthamnene vil framleis kjøpe flysikringstenester frå flysikringsdotterselskapet. Dagens løysing inneber at Avinor må kompensere manglande inntekter for å dekkje kostnadene ved tårntenestene på dei regionale lufthamnene med kommersielt overskot elles i verksemnda. Dette kan vidareførast uavhengig av utskiljing av flysikringsaktiviteten.

Integra viser til at dagens divisjonsmodell for flysikringsverksemnda er ueigna i tilfelle Avinor skal begynne å konkurrere, anten i utlandet eller ved konkurranseutsetjing innanlands. Årsaka er at det vil bli stilt spørsmål ved om lufthamnverksemnda i Avinor er med på å finansiere flysikringsverksemnda, og at det dermed ikkje blir like konkurranseforhold.

På sikt meiner Integra at eit dotterselskap kan utviklast vidare til eit eige statsaksjeselskap, slik at lufthamndrifta og flysikringsverksemnda blir fullstendig åtskilde. Ei slik organisering legg til rette for at flysikringsverksemnda i Avinor kan begynne å konkurrere i utlandet, og at flysikringstenestene kan konkurranseutsetjast innanlands. Vidare kan det òg vurderast å dele flysikringsverksemnda i tre uavhengige selskap: eitt for undervegstenester, eitt for lokal flysikring (tårntenester og innflygingstenester) og eitt for flynavigasjonstenester. Ved ein slik modell kan undervegstenesta integrerast gjennom NEFAB-samarbeidet, mens tårntenesta konkurrerer internasjonalt og i Noreg. Innanfor flynavigasjon meiner Integra at det òg vil utvikle seg ein marknad, der andre aktørar kan konkurrere mot dei tradisjonelle flysikringsverksemdene.

Samferdselsdepartementet vil vise til at flysikringsverksemnd og lufthamndrift er to forskjellige forretningsområde. Avinor og Integras argument om meir truverdig oppfølging av regulatoriske krav, betre styring av verksemnda og tydeleggjeriing av kunde–leverandørforhold taler for at flysikringsverksemnda bør skiljast ut i eit eige dotterselskap i Avinor.

Samferdselsdepartementet vil derfor opne for at Avinor kan skilje ut flysikringsdivisjonen som eit eige dotterselskap innanfor Avinor AS. Avinor kan ikkje privatisere dotterselskapet eller på annan måte endre eigarforholda til dotterselskapet utan å leggje saka fram for samferdselsministeren.

Luftfartstilsynet har i ein merknad til Integrarapporten sagt at det bør utarbeidast ein risikoanalyse som viser kva for konsekvensar ei slik omorganisering kan ha for flytryggleiken. Samferdselsdepartementet føreset ut frå dette at Avinor utarbeider ein slik risikoanalyse, og at det vidare arbeidet med å skilje ut flysikringsdivisjonen som eit dotterselskap skjer i nær dialog med Luftfartstilsynet.

Ved omdanninga skal det elles skal takast omsyn til den sentrale rolla Avinor har innanfor sivil-militært samarbeid, og Avinors ansvar innanfor totalforsvaret i krise og krig også innanfor flysikring.

Internasjonalt engasjement og konkurranse om flysikringstenester

Noreg har slutta seg til NEFAB-samarbeidet, og dermed er det alt opna for eit visst utanlandsengasjement for undervegstenestene i Avinor. Formålet med dei funksjonelle luftromsblokkene er å leggje til rette for effektivisering gjennom samarbeid/integrering mellom tenesteytarane i blokkene. Det kan òg bety at tenesteytarane yter tenester i kvarandre sine land.

Avinor meiner at det er fleire tenestemråde innanfor flysikring som kan vere aktuelle satsingsområde for Avinor, dersom det i framtida blir opna for at selskapet òg kan konkurrere internasjonalt. Samferdselsdepartementet vil vise til Integrarapporten, der det går fram at dette er ein krevjande marknad å gå inn på. Departementet vil òg vise til at det er knytt økonomisk risiko til eit slikt engasjement. Samferdselsdepartementet vurderer det derfor slik at Avinor i første rekkje bør bruke dei tilgjengelege ressursane til å løyse utfordringane i Noreg. Departementet vil av den grunn ikkje opne for at Avinor engasjerer seg i leveranse av flysikringstenester i utlandet utover det som følger av Noreg si deltaking i den nordeuropeiske luftromsblokka NEFAB. Dette er likevel ikkje til hinder for at det blir inngått avtalar om grenseoverskridende flysikringstjenester av mindre omfang langs grenseområda mot våre naboland.

Avinor har elles som mål å vere den føretrekte leverandøren av flysikringstenester dersom desse tenestene blir konkurranseutsette i Noreg. I rolla

som styresmakt vurderer ikkje Samferdselsdepartementet det som formålstenleg å konkurransetsette flysikringstenestene i Noreg. Departementet vil likevel opne for at lufthamner utanfor Avinor, som i dag må kjøpe flysikringstenester frå Avinor, skal kunne kjøpe flysikringstenester frå andre leverandørar enn Avinor.

Kontrollsentralar

Samferdselsdepartementet har merka seg prosessen omkring kontrollsentralane, og viser til at Avinor vil ha nødvendig avgjerdsgrunnlag i 2013.

Samferdselsdepartementet viser til at flygekontrolltenesta er rekna som ei samfunnskritisk teneste. Bortfall av tenesta vil gi store konsekvensar for transportevna i Noreg. Derfor er det i Samferdselsdepartementets *Strategi for samfunnssikkerhet og beredskap i samferdselssektoren (2009)* uttrykt forventingar om at dei samfunnskritiske trafikkstyrings- og kontrollsystema gradvis skal bli tryggare og meir robuste. Departementet har ein ambisjon om at flygekontrolltenesta skal vere meir robust enn det som er kommersielt interessant, basert på mellom anna risiko- og sårbarheitsanalysar. For denne infrastrukturen bør det som eit minimum finnast innøvde beredskapsplanar og planar for reserveløysingar som straks kan handtere uønskte hendingar, også for kriser som sjeldan oppstår.

Fjernstyrte tårn

Samferdselsdepartementet viser til at Avinor i tillegg til Værøy har valt Røst som stad for å prøve ut

konseptet med fjernstyrte tårn. Det er eit krav frå departementet at utprøvinga av konseptet med fjernstyrte tårn ikkje skal svekkje flytryggleiken eller på annan måte redusere transportstandarder ved lufthamnene der det blir prøvd ut. Utprøvinga skjer i tett dialog med Luftfartstilsynet. Samferdselsdepartementet legg elles til grunn at Avinor har ein god dialog med kommunane og fylkeskommunane der konseptet blir prøvd ut.

Bemanningssituasjonen i flysikringstenesta

Samferdselsdepartementet vil vise til at det er Avinor-styret og den daglege leiinga som har ansvar for at det til kvar tid er nok bemanningskapasitet i flysikringstenesta, og at det blir sett i verk tiltak for å sikre at tenesta er robust nok. Samferdselsdepartementet meiner at situasjonar av den typen som oppstod i flygekontrolltenesta sommaren 2012, er uakseptable. Departementet har retta merksemd mot manglande bemanningskapasitet i flysikringstenesta gjennom eigardialogen med Avinor. Samstundes har departementet òg teke grep gjennom styresmaktskanalen, mellom anna gjennom føresegner i utpeikingsvedtaket og gjennom ytingsstyringa. Departementet føreset at dei tiltaka som er sette i verk no, verkar.

Lønnsemdsprogram for flysikring

Departementet har merka seg at lønnsemdsforbetringsprogrammet i flysikringsdivisjonen skal bidra til at divisjonen når ytingsmålet.

7 Finansielle spørsmål

I dette kapitlet blir det sett nærmare på avkastningsmål, oppnådd avkastning, verdivurdering, finansiering og utbyttepolitikk for Avinor AS. Kapitlet byggjer mellom anna på ein rapport frå Ernst & Young AS om verdivurdering av Avinor 2012.

7.1 Avkastningsmål for Avinor

Avkastningsmålet blir nytta for å vurdere avkastninga på kapitalen som er investert i eit selskap. Avkastningsmålet blir sett lik den avkastninga eigaren ville fått over tid ved å investere i ein portefølje av andre selskap i marknaden med tilsvarende systematisk risiko som det selskapet ein måler avkastninga til. Avkastningsmålet inngår i verdivurderinga av eit selskap og blir òg brukt av selskapa sjølve for å vurdere lønnsmda til investeringsprosjekt.

I den førre stortingsmeldinga om Avinor, jf. St.meld. nr. 48 (2008–2009), blei det lagt til grunn eit avkastningsmål for Avinor på eigenkapitalen etter skatt på 10,4 prosent. Det avleidde avkastningsmålet på totalkapitalen (Weighted average cost of capital – WACC) var 7,6 prosent.

I samband med innføringa av ytingsstyrings-systemet for flysikringstenesta i Avinor vurderte Deloitte AS avkastningsmålet for Avinor hausten 2011. Rapporten frå Deloitte konkluderte med at det kunne setjast ulike mål for avkastninga frå Avinors flysikringsteneste og frå anna Avinor-verksemd. Sjå tabell 7.1 for nye avkastningsmål for eigenkapitalen og totalkapitalen for Avinors flysikringsverksemd, for anna Avinor-verksemd og for samla vekta avkastningsmål for Avinor.

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet gjennomførte Ernst & Young ei verdivurdering av Avinor hausten 2012 og vurderte då også avkastningsmålet for selskapet. Ernst & Young fann ikkje grunnlag for å endre på avkastningsmåla som Deloitte hadde berekna hausten 2011.

Tabell 7.2 viser avkastningsmål og avkastning på investert totalkapital, mens tabell 7.3 viser mål for eigenkapitalen og avkastning på investert eigenkapital. Avinor har ikkje nådd dei avkastningsmåla eigaren har sett fram til no. Men Avinor har både i 2008 og 2010 oppnådd ei høgare avkastning på investert totalkapital enn det nye målet på 6,1 prosent. I tillegg er trenden at avkastninga har betra seg i perioden 2004–2008. Dette skriv seg ifølgje Ernst & Young primært frå høg passasjervekst i ein periode med låge investeringar i ny kapasitet. Passasjertalet er hovuddrivar for inntektene til selskapet.

Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Om eit selskap oppnår avkastningsmålet eller ikkje, er eit viktig signal til eigaren og leiinga om kor vidt selskapet blir drive effektivt. Men for eit selskap som Avinor, som er pålagt å drive ei rekke bedriftsøkonomisk ulønnsame oppgåver, vil det òg vere relevant å sjå avkastninga i lys av desse oppgåvene. Avinor kan oppnå ei anna avkastning dersom staten endrar rammevilkåra selskapet driv under, til dømes samfunnsoppdraget, takstpolitikken eller reglane for avgiftsfritt sal. Samferdselsdepartementet meiner at Avinor skal ha stabile rammevilkår som gjer det mogleg for selskapet å nå avkastningsmålet over tid.

Historisk avkastning viser at det er mogleg for Avinor å oppnå ei avkastning på nivå med det nye

Tabell 7.1 Avkastningsmål for Avinor, flysikring, anna verksemd og samla (prosent)

Avkastningsmål for Avinor	Flysikring	Anna verksemd	Samla
Totalkapitalen (WACC)	5,5	6,1	6,1
Eigenkapitalen	7,9	9,5	9,4

Kjelde: Deloitte

Tabell 7.2 Avkastningsmål for totalkapitalen og faktisk avkastning på investert totalkapital 2004-2012 (prosent)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Avkastningsmål for totalkapitalen	7,0	7,0	6,45	6,45	6,45	7,6	7,6	7,6	7,6
Avkastning på investert totalkapital	3,8	3,2	3,7	5,7	6,4	5,2	7,1	5,7	5,8

Ny rekneskapsstandard (IFRS) fom. 2008. Tal før 2008 er ikkje direkte samanliknbare med seinare tal.

Kjelde: Ernst & Young 2012, Samferdselsdepartementet og Avinor.

Tabell 7.3 Avkastningsmål for eigenkapitalen og faktisk avkastning på investert eigenkapital 2004-2012 (prosent)

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Avkastningsmål for eigenkapitalen	10,3	10,3	9,7	9,7	9,7	10,4	10,4	10,4	10,4
Avkastning på investert eigenkapital	6,7	5,4	5,8	8,5	8,3	6,2	9,6	7,9	8,9

Ny rekneskapsstandard (IFRS) fom. 2008. Tal før 2008 er ikkje direkte samanliknbare med seinare tal.

Kjelde: Samferdselsdepartementet og Avinor.

avkastningsmålet. Sidan selskapet no går inn i ein periode med store investeringar, er det rimeleg å forvente at avkastninga på investert kapital vil gå noko ned i dei kommande åra, og at selskapet på kort og mellomlang sikt ikkje vil nå avkastningsmålet.

7.2 Verdivurdering

Ei verdivurdering kan nyttast for å fastslå marknadsverdien av eit selskap som ikkje er notert på børsen. Som ledd i eigaroppfølginga av selskapet har Samferdselsdepartementet derfor fått Ernst & Young til å utføre ei ekstern verdivurdering av Avinor hausten 2012. Verdivurderinga av Avinor er tilgjengeleg på nettsidene til Samferdselsdepartementet og er lagd ved som eit uttrykt vedlegg til denne meldinga.

Ernst & Young har berekna verdien av eigenkapitalen i Avinor til 10,3 milliardar kroner.

Verdien er berekna ved hjelp av kapitalverdimodellen som måler verdien av framtidige kontantstraumar. I verdivurderinga er det berekna ein selskapsverdi på 19,4 milliardar kroner. Eigenkapitalverdien får ein fram ved å trekke netto renteberande gjeld frå selskapsverdien.

Tabell 7.4 viser berekna marknadsverdi av eigenkapitalen i Avinor AS etter driftssegment. Av driftssegmenta i Avinor er det Oslo Lufthavn AS, med ein verdi på 36,5 milliardar kroner, og store lufthamner, med ein verdi på 14,9 milliardar kroner, som bidreg positivt til selskapsverdien. Andre

lufthamner, flysikring og anna verksemd, som mellom anna inkluderer felles konserntenester, har ein samla negativ verdi på 32,1 milliardar kroner.

Ved verdivurderinga har Ernst & Young teke utgangspunkt i Avinors eigne prognosar og justert desse. Det er lagt til grunn eit investeringsnivå på 20,6 milliardar kroner for perioden 2013–2017 i samsvar med investeringsplanane til Avinor, jf. kapittel 5. Investeringar i nye lufthamner på Helgeland og Lofoten og bedriftsøkonomisk lønnsame investeringar i regional utvikling ligg ikkje inne i investeringsnivået. I berekningane er det

Tabell 7.4 Berekna marknadsverdi av eigenkapitalen i Avinor AS etter driftssegment 2012 (milliardar kroner)

Oslo Lufthavn AS	36,5
Store lufthamner	14,9
Regionale og lokale lufthamner	– 28,9
Flysikring	– 0,2
Anna	– 3,0
Selskapsverdi	19,4
Netto gjeld	– 9,0
Eigenkapitalverdi	10,3

Kjelde: Ernst & Young 2012.

heller ikkje teke omsyn til uavklarte økonomiske forhold mellom Avinor og Forsvaret.

Samanlikna med den førre verdivurderinga frå 2008-2009, jf. Verdivurdering av Avinor AS av 9. september 2008 og ein tilleggsrapport med oppdatering av verdivurderinga av 4. mars 2009, av Ernst & Young, har den verdivurderte selskapsverdien auka med 40 prosent. Auken kjem i hovudsak av det reduserte avkastningsmålet, som igjen kjem av rentereduksjonar i berekningane. Selskapsverdien er sensitiv for endringar i føresetnadene, både med omsyn til passasjervekst, lønnsemd og investeringskostnader.

Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet har merka seg at den samla marknadsverdien av Avinor har auka til 10,3 milliardar kroner, i hovudsak som følge av ein reduksjon i avkastningsmålet. Departementet har vidare merka seg at Ernst & Young har justert ned lønnsemda av investeringane til Avinor i berekningane sine samanlikna med det Avinor har nytta i sine eigne prognosar. Dette gjer at verdien av selskapet også er justert noko ned, men verdivurderinga gir likevel ikkje nokon indikasjon på at det er behov for å skrive ned verdien av eigenkapitalen i selskapet.

Samferdselsdepartementet vil elles vise til at samansetjinga av verdien på dei ulike driftssegmenta speglar måten Avinor har organisert verksemda på, der Oslo Lufthavn AS og dei andre store lufthamnene leverer driftsoverskot, mens dei fleste regionale og lokale lufthamnene blir drivne med bedriftsøkonomisk underskot og er avhengige av finansiering frå dei lønnsame delane av drifta. Framstillinga viser den sentrale rolla Oslo Lufthavn AS spelar i Avinor-systemet.

7.3 Utbyttepolitikken

Gjennom utbytte tek eigaren ut avkastning på kapitalen som er skoten inn i selskapet. Sidan Avinor er eit statsaksjeselskap, er ikkje generalforsamlinga bunden av framlegg frå styret om utbytte. Staten må likevel følgje føresegnene i aksjelova om kva som er tillate utbytte. Tabell 7.5

viser utbyttet frå Avinor til staten for perioden 2003-2012.

I den førre eigarmeldinga, jf. St.meld. nr. 48 (2008–2009) og Innst. 95 S (2009–2010), blei det innført ein ny utbyttmodell for selskapa under Samferdselsdepartementet. Modellen føreset at utbyttet skal fastsetjast for ein lengre periode (tre til fem år) og utgjere ein prosentsats av årsresultatet i konsernet etter skatt. Utbytteforventinga for Avinor blei sett til 50 prosent av årsresultatet etter skatt, men det skulle takast omsyn til dei spesielle utfordringane Avinor stod overfor den gongen.

Regjeringa vil vidareføre dagens utbyttepolitikk for Avinor.

7.4 Finansiering av Avinor

Utbygginga av Gardermoen som hovudflyplass for Oslo-området blei i si tid finansiert gjennom eit statslån til Oslo Lufthavn AS. Ut over dette har Avinor hovudsakleg finansiert investeringane sine ved hjelp av tilbakehalde overskot frå drifta og lån i den private marknaden.

Avinor har frå 2009 utferda obligasjonslån som er noterte på Oslo Børs. Det følgjer av verdipapirhandelova at låntakarar med obligasjonar som er noterte eller søkt noterte på børs, må følgje børsen sine reglar for informasjon. Vidare skal verksemdsstyringa til konsernet følgje tilrådingane til Oslo Børs for eigarstyring så langt dei passar.

I § 11 i vedtektene for selskapet har Samferdselsdepartementet sagt at Avinor ikkje kan låne meir enn at eigenkapitalen – målt i prosent av eigenkapitalen og den bokførde rentebærande langsiktige gjelda – held seg over 40 prosent.

I § 10-planen har Avinor rapportert at den rentebærande gjelda i konsernet har auka frå 7,1 milliardar kroner per 31.12.2006 til 10,8 milliardar per 30.06.2012. Trass i ein positiv kontantstraum frå drifta vil Avinor-konsernet få ein negativ netto kontantstraum dei kommande åra på grunn av høge investeringar, utbytte til staten og avdrag på eksisterande gjeld. Det samla finansieringsbehovet til konsernet ut over tilbakehalde overskot utgjer om lag 15 milliardar kroner i perioden 2013–2017.

Tabell 7.5 Utbytte frå Avinor, 2003-2012 (millionar kroner)

2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
0	0	151	26	325	397	0	0	504	422

I samsvar med den langsiktige investeringsplanen, jf. kapittel 5, ønsker Avinor å gjennomføre investeringar på 20,6 milliardar kroner i perioden 2013–2017. Dersom desse investeringane skal finansierast ved hjelp av nye låneopptak, vil det kunne bryte kravet om minst 40 prosent eigenkapital. Avinor viser i § 10-planen til at dei gjeldande investeringsplanane til selskapet vil føre til brot på eigenkapitalkravet i åra 2014–2019 med eit botnpunkt i 2016 på 38,5 prosent. For å finansiere investeringane i gjeldande investeringsplan har Avinor i § 10-planen foreslått at Avinor får ein kapitaltilførsel på totalt 2,5 milliardar kroner.

I forslaget frå etatane og Avinors til Nasjonal transportplan 2014–2023 er det vidare tilrådd å byggje nye lufthamner på Helgeland og i Lofoten. Prosjekta er vurderte som bedriftsøkonomisk ulønnsame og ligg ikkje inne i dei gjeldande investeringsplanane til Avinor. Avinor meiner selskapet vil ha behov for ein kapitaltilførsel på 2,0 milliardar kroner dersom desse utbyggingane skal gjennomførast.

Avinor har ut over dette identifisert interessante kommersielle investeringsprosjekt i tilknytning til dei største lufthamnene. Avinor ønsker å delta i utvikling av næringsverksemd ved lufthamnene, gjennom regionale eigensomsutvikling. Heller ikkje desse prosjekta ligg inne i den gjeldande investeringsplanen. Avinor ber om ein kapitaltilførsel på 1,5 milliardar kroner for å kunne gjennomføre desse prosjekta.

Vurderinga til Samferdselsdepartementet

Utgangspunktet for vurderingane frå Samferdselsdepartementet er Nasjonal transportplan 2014–2013, der Regjeringa legg til grunn at ein vil sikra Avinor rammevilkår som gjer selskapet i stand til å halde oppe og vidareutvikle eit framtidretta og effektivt lufthamnett.

Regjeringa som eigar er positiv til Avinors investeringsplan for 2013–2017. Det blir lagt til grunn at styret i selskapet har ansvaret for å vurdere og prioritere investeringane innanfor dei gjeldande finansielle rammevilkåra, og det blir derfor understreka at Regjeringa ikkje har vurdert eller teke stilling til dei einskilde konkrete investeringsprosjekta eller tidspunkt for når dei skal gjennomførast. Eventuell regulering frå styresmaktene av utbyggingsprosjekta vil bli behandla i samband med kvart einskilt prosjekt.

Regjeringa legg til grunn at hovuddelen av investeringane i planen kan gjennomførast utan

kapitaltilskot frå staten, og at det på noverande tidspunkt ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere at det er nødvendig å tilføre selskapet kapital. Det blir derfor ikkje foreslått kapitaltilførsel til Avinor på noverande tidspunkt. Samferdselsdepartementet vil likevel følgje utviklinga nøye, og Regjeringa vil kome attende til Stortinget i løpet av 2014 med ein oppdatering av framdrifta i investeringsplanen og ei fornya vurdering av dei finansielle rammevilkåra for Avinor.

I lys av at Avinor står overfor store investeringar i dei neste åra vil Samferdselsdepartementet opne for at ein kan vurdere å auke takstane i tråd med konsumprisindeksen (KPI).

Det blir i dag nytta ulike begrep for eigenkapitaldelen i låneavtalene Avinor har inngått og i vedtektene til selskapet, og Samferdselsdepartementet er i gong med å vurdere eigenkapitalkravet nærmare.

Det er behov for ei nærmare avklaring av Avinor sine finansielle rammevilkår i samband med etablering av nye lufthamner, og/eller samanslåing eller nedlegging av eksisterande lufthamner i tråd med omtalen i NTP 2014–2023, og dessutan korleis eventuell statleg støtte skal innrettast ved slike moglege endringar i lufthamstrukturen. Regjeringa vil kome attende med ei vurdering av dette etter at Samferdselsdepartementet har greidd ut saka. Regjeringa legg til grunn at Avinor vil bli tilført midlar for å kunne gjennomføre moglege investeringar i nye lufthamner på Helgeland i Mo i Rana og i Hammerfest, jf. omtale i kapittel 5.2.

Departementet har òg vurdert Avinor sitt forslag om kapitaltilførsel til kommersielle investeringsprosjekt i tilknytning til dei største lufthamnene. Staten vil ikkje no tilføre kapital til selskapet knytt til kommersielle investeringsprosjekt utanfor kjerneverksemda til selskapet. Dersom Avinor ønskjer å utvide verksemda utover den typen som selskapet driv i dag, må dette leggast fram for Samferdselsdepartementet. Departementet har ei restriktiv haldning til utviding av Avinor si kommersielle verksemd som ikkje støtter opp om kjerneverksemda.

Samferdselsdepartementet har merka seg at det er eit effektiviseringspotensial i Avinor, jf. den samanliknande studien som GAP utførte i 2012, som er omtalt i kapittel 2.6. På generelt grunnlag legg Samferdselsdepartementet til grunn ei forventning om effektivisering i Avinor.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Samferdselsdepartementet opnar for at Avinor kan skilje ut flysikringsdivisjonen som eit eige dotterselskap innanfor Avinor AS. Omorganiseringa vil bli omfatta av reglane for verksemdsoverdraging og vil ikkje få konsekvensar for hovudavtalen eller gjeldande tariffavtalar.

Det blir ikkje opna opp for konkurranse om drift av tårn eller innflygingstenester ved lufthamnene til Avinor. Det blir heller ikkje opna for at Avinor engasjerer seg i konkurranse om å levere flysikringstenester i utlandet utover det som følgjer av Noreg si deltaking i den nordeuropeiske luftromsbløkk, NEFAB.

Avinor vil medverke til aktivitet i samfunnet gjennom selskapets investeringar som er omtalte i § 10-planen.

Det er ikkje lagt opp til løyvingar over statsbudsjettet til Avinor i denne meldinga, verken i form av tilskot eller eigenkapitaltilførsel.

Samferdselsdepartementet vil greie ut og vurdere dei økonomiske rammevilkåra til Avinor med utgangspunkt i denne meldinga. Mindre utgifter i samband med dette vil bli handterte innanfor budsjetttramma til departementet.

Elles ligg det ikkje andre framlegg i meldinga som er venta å få økonomiske eller administrative konsekvensar

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 7. mai 2013 om verksemnda til Avinor AS blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Vedtekter for Avinor AS***(3. januar 2012)***§1**

Selskapets navn er Avinor AS.

§2

Selskapets forretningskontor er i Oslo.

§3

Selskapets samfunnsoppdrag er å eie, drive og utvikle et landsomfattende nett av lufthavner for sivil sektor og en samlet flysikringstjeneste for sivil og militær sektor. Eieren avgjør hvilke lufthavner selskapet skal drive.

Virksomheten skal drives på en sikker, effektiv og miljøvennlig måte, og sikre god tilgjengelighet for alle grupper reisende.

Selskapet skal i størst mulig grad være selvfinansiert gjennom inntekter fra hovedvirksomheten og annen forretningsvirksomhet i tilknytning til lufthavnene. Internt i selskapet skal det skje en samfinansiering mellom bedriftsøkonomisk lønnsomme og ulønnsomme enheter.

Virksomheten kan drives av selskapet selv, av heleide datterselskaper, eller av andre selskaper det har eierandeler i eller samarbeider med.

Selskapet skal utføre samfunnsplagte oppgaver slik de er fastlagt av eieren.

§4

Selskapets aksjekapital er NOK 5 400 100 000 fordelt på 540 010 aksjer som hver er pålydende NOK 10 000.

§5

Styret skal bestå av fra sju til ti medlemmer.

Fem eller seks styremedlemmer, herunder styrets leder og nestleder, velges av generalforsamlingen. Styremedlemmenes tjenestetid er to år.

§6

To eller tre styremedlemmer med varamedlemmer velges ved direkte valg av og blant de ansatte etter reglene i aksjeloven om de ansattes representasjon i selskapets styre med tilhørende forskrift. Dersom det er inngått avtale om ikke å ha bedriftsforsamling, slik aksjeloven § 6-35 annet ledd gir anledning til, skal de ansatte i henhold til aksjeloven § 6-4 tredje ledd velge ett styremedlem med varamedlem eller to observatører med varamedlemmer i tillegg til den representasjon som følger av forrige punktum.

§7

Selskapets firma tegnes i fellesskap av styreleder og et styremedlem.

§8

Styret tilsetter selskapets daglige leder og fastsetter tilsetningsvilkårene for denne.

Styret skal fastsette instruks for selskapets daglige leder.

Styret skal legge en plan for sitt eget arbeid og arbeide for å utvikle sin egen kompetanse.

Styret skal hvert år evaluere sitt arbeid og sin kompetanse.

Styret skal påse at det foreligger tilfredsstillende systemer for intern kontroll av selskapets virksomhet og at det regelmessig gjennomføres risikoanalyser med oppfølgende forebyggende tiltak og beredskapstiltak.

Styret skal sørge for at selskapet tar samfunnsansvar.

Styret skal utarbeide en erklæring om fastsettelse av lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte. Denne tas inn som en note i årsregnskapet. Erklæringen skal ha det innhold som er angitt i allmennaksjelovens § 6-16a, og skal behandles på tilsvarende vis på selskapets ordinære generalforsamling. Det vises til allmennaksjelovens § 5-6 tredje ledd.

§9

Ordinær generalforsamling holdes hvert år innen utgangen av juni måned. På den ordinære generalforsamling skal følgende spørsmål behandles og avgjøres:

1. Godkjenning av årsregnskapet og årsberetningen, herunder utdeling av utbytte.
2. Andre saker som etter lov eller vedtekter hører under generalforsamlingen.

§10

Styret skal forelegge for samferdselsministeren alle saker som antas å være av vesentlig samfunnsmessig eller prinsipiell betydning, herunder saker om hel-/delprivatisering av basisvirksomhet.

